

Naturtypar
i Meland kommune
rapport med verdisetting av biologisk mangfold



av
Stein Joar Hegland
2002

FORORD

Denne naturtype kartlegginga er utført i løpet av feltsesongane 2001 og 2002. I 2001 utarbeidde botanikar Sissel Hauge Mykletun ein grunnleggjande oversikt over dei viktigaste områda i Meland Kommune. Ho gjennomførte også ein del konkrete registreringar av naturtypar. Etter at ho gjekk over i ny jobb utanfor kommunen våren 2002 var det behov for å hente inn ekstern arbeidskraft for å fullføre kartlegginga. Gjennom Høgskulen i Sogn og Fjordane kom kommunen sin miljøansvarleg på dette tidspunktet, Kjetil Christensen, i kontakt med underteikna som har fullført prosjektet.

Det at to ulike personar har hatt hovudansvaret for kartlegginga kan gje nokre svakheitar. Områda frå oversikten som vart utarbeidd av Mykletun, måtte nesten alle bli synfart av underteikna, men ein del viste seg ikkje å vera viktige som naturtypar. Desse områda kan likevel ha kvalitetar i samanheng med t.d. viltkartlegging. Det er òg mogleg at dei har kvalitetar som underteikna ikkje har observert i felt.

Overgangsprosessen har vore tidkrevjande og har tatt ein del tid og energi bort frå sjølve feltregistreringane. Forhåpentlegvis har ikkje dette gått utover kvaliteten på arbeidet, men det kan tenkjast at nokre områder er oversett. Det er viktig å hugsa at med dette arbeidet som her vert presentert er grunnlaget for vidare forvaltning av biologisk mangfald i Meland Kommune lagt, men at arbeidet aldri må reknast som avslutta. Dette skal vera ein kontinuerleg prosess og oppdateringar er viktige.

Ved framtidige oppdateringar kan det vera viktige å henta inn kompetanse på grupper som sopp, lav og mose. Ingen av dei to registratorane hadde særskild kompetanse på desse artsgruppene. Likevel er ein del registreringar frå desse artsgruppene nytta. Sidan Meland kommune ligg nær opp til Bergen og eit universitetsmiljø var det mogleg å henta inn ein del opplysningar frå dei nasjonale databasane (lavdatabasen og soppdatabasen) som er tilgjengeleg på Internett. Informasjon frå både eksisterande og framtidige databasar (mosedatabasen) bør nyttast ved oppdateringar.

Alle data frå kartlegginga fins både i denne rapporten, samt i kommunen sin database for biologisk mangfald (Natur2000). Sistnemnte base har noko meir utfyllande artslistar, medan fakta-arka i denne rapporten berre presenterer eit utval av artane (karakter-, indikator-, og raudlisteartar). Kartet som er utarbeidd fins i papirversjon for bruk i rapporten, og skal leggjast inn som temakart i kommunen sin kartbase.

Nummereringa av lokalitetar var allereie fastlagt gjennom registreringane samt oppbygging av kommune si database av Mykletun i 2001. Det er difor ein del nummer som ikkje er i bruk. Elles er nummereringa fortløpande utan inndelingar som er avhengig av naturtypar.

Rapporten si utforming er basert på ein mal utforma av førstekonsulent Olav Overvoll ved Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland. Underteikna har valt å halde seg til denne (med nokre få unntak) for å gjere både sitt eige og fylkesmannen sitt arbeid lettare. Det meste av det generelle innhaldet (kap. 1, 2 & delar av 4 og 5) er difor skrive av Overvoll og er standard for alle kommunar i Hordaland, medan informasjonen som er spesifikk for kommunen (kap. 3 & 4 og vedlegg) er skrive av underteikna. Det er prøvd å halde ein relativ knapp stil, utan for mykje generell informasjon utanom det fylkesmannen har kome med.

Alle faktaark er laga på ein mal frå Fylkesmannen og vidare utforma av underteikna, men dersom feltregistreringane vart gjennomført av Sissel Hauge Mykletun er ho kreditert for dette.

Denne kartlegginga har vore ei rein registrering av naturtypar ved bruk av handbok nr 13 frå Direktoratet for Naturforvaltning. Kartlegging av Vilt- og ferskvasslokalitetar er påbyrja av naturkonsulent Tore Wiers og ventast ferdigstilt neste år. Det vert eit viktig arbeid for den miljøansvarlege i kommunen å integrere dei ulike kartleggingane slik at oversikten er tilgjengeleg for brukarane, t.d. gjennom temakart.

Viktige fagpersonar i kommunen sin administrasjon har vore veldig hjelpsame i prosessen både med omsyn til fleksibilitet og direkte hjelp med ulike praktiske delar av registreringane. Difor vil eg spesielt takke planansvarleg Kjetil Christensen, plan- og miljøkonsulent Sveinung Toft, og Arnt Brakstad for deira innspel og hjelp.

Kaupanger, 28. november, 2002.
Økolog MSc. Stein Joar Hegland

INNHALD

FORORD	2
INNHALD	3
SAMANDRAG	4
1. INNLEIING	5
Kva er biologisk mangfald?	
Bakgrunnen for kartlegging av biologisk mangfald	
Kvifor ta vare på biologisk mangfald?	
 2. KARTFRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD	7
Kva skal kartleggjast?	
Verdisetjing og kartframstilling	
Kven har tilgang til kartdata?	
Oppdatering og revisjon av BM-kart	
 3. NATURGRUNNLAGET I MELAND KOMMUNE	8
Geografisk plassering og arealbruk	
Landskap og geologi	
Klima	
Vegetasjon	
 4. NATURTYPAR	10
Generelt	
Registrerte naturtypar i Meland kommune	11
<i>A. Myr</i>	14
<i>B. Rasmark, berg og kantkratt</i>	17
<i>C. Fjell</i>	17
<i>D. Kulturlandskap</i>	18
<i>E. Ferskvatn/Våtmark</i>	37
<i>F. Skog</i>	47
<i>G. Havstrand/Kyst</i>	62
<i>Andre viktige førekomstar</i>	73
 5. RAUDLISTEARTAR	77
 REFERANSAR	80
 VEDLEGG 1. ARTSLISTE ANDRE ARTAR	
VEDLEGG 2. ARTSLISTE KARPLANTAR	
VEDLEGG 3. VILTET I MELAND KOMMUNE	
VEDLEGG 4. TEMAKART-NATURTYPAR I MELAND KOMMUNE	

SAMANDRAG

Denne kartlegginga er basert på metodikken og naturtypane som ein finn i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for Naturforvaltning 1999a) 'Kartlegging av naturtypar'.

Registreringane i Meland kommune vart gjennomført i feltsesongane 2001 og 2002.

Det er kartlagt 58 ulike lokalitetar fordelt på 19 ulike naturtypar. Av desse er 5 vurdert som svært viktige (A), 30 som viktige (B) og 23 lokalitetar som lokalt viktige.

Dette utvalet speglar både kommunen sitt relative begrensa areal og geografiske plassering. Når det gjeld plasseringa så er det naturtypar frå kulturlandskap (E), skog (G) og havstrand/kyst (F) som dominerer utvalet, og av desse er det mange lokalitetar som er verdifulle.

Det er relativt få raudlisteartar registrerte i kommunen. Dei fem ulike artane frå raudlista er alle registrert ved tidlegare høve og finst i nasjonale databaser. Det er ikkje registert nye artar i denne registreringar.

Verdien av denne kartlegginga er at all eksisterande informasjon er systematisert og satt i samanheng med naturtypar og område som er spesielt viktige for biologisk mangfald. Desse områda er viktig å ta omsyn til i all planlegging og arealbruk i kommunen.

1. INNLEIING

Kva er biologisk mangfald?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og samspelet desse organismane er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå:

- Økosystem.*
- Artar.*
- Genar.*

Dei ulike artane er avhengige av ulike økosystem for å overleve. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt. Genetisk variasjon kan òg bety mykje for menneska sin bruk av ulike organismar ved t.d. planteforedling og husdyravl.

Bakgrunnen for kartlegging av biologisk mangfald

I 1993 underteikna Noreg Rio-konvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land til å *kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser*. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake i antal og utbreiing og mange er truga av utrydding dersom dei negative faktorane fortsett å virke. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjer eit stadig større press på desse areala.

I tråd med forpliktelsane gjennom Riokonvensjonen, vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling” uttrykt ei politisk målsetjing om at ”alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003”. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetjing av biologisk mangfald, for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. *Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett alt for dårleg. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestas. Deretter må dei på forsvarleg vis integrerast i det lokale planarbeidet.* Ved ei god oversikt over dei mest verdifulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og

vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å utføre ei meir presis og prediktabel arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional- og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal bidra til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

Kvifor ta vare på biologisk mangfald?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

- *Økonomiske-/materielle argument:* Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet organismane i mellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og bekjemping av sjukdommar.
- *Kulturelle-/estetiske argument:* Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar for mange ein viktig trivselsfaktor. For mange er naturen ei kjelde til rike naturopplevingar også utan dei tradisjonelle aktivitetane med direkte unytting av naturressursar. Særinteressene er mange, som t.d. mosjon, fotografering og fuglekikking, men for mange er eit biologisk mangfald også ei kjelde til rikare naturoppleving.
- *Etiske-/moralske argument:* "Alle levande organismar har den samme retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket." Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. I eit evolusjonsmessig perspektiv er mennesket dessutan ein svært "ung" art. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

2. KARTFRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

Kva skal kartleggjast?

Metoden for kartlegginga av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går denne kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok under utarbeiding)

(Grunnlaget for denne eksplisitte kartlegginga finn ein i DN-handbok 13)

Verdisetjing og kartframstilling

Verdisetjinga av dei ulike områda har blitt gjort på grunnlag av metoden skildra i handbok for kartlegging av naturtypar. Kriteria for verdisetjing oppsummerte i denne rapporten under kapitlet om naturtypar.

Kartet som følgjer denne rapporten er eit samlekart som syner alle viktige naturtypar som er viktige for det biologiske mangfaldet i Meland Kommune.

Dett kartet er digitalisert og fins som temakart i kommunen si database. Liknande kart bør framstillast for vilt, ferskvasslokalitetar som ikkje fell innunder handbok nr. 13, og seinare for viktige marine områder. Det vil verta eit viktig arbeid for kommunen sin miljø- samt kartansvarleg å utarbeide desse karta, og til slutt få til eit godt samlekart som dekker alle lokalitetar som er særleg viktige for biologisk mangfald, frå dei ulike registreringane. Dette kartet er det eit viktig praktisk verktøy og må bli ein integrert del av kommunen si planlegging.

Kven har tilgang til kartdata?

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i kommunal planlegging. Kommunen har difor tilgang til og råderett over alle datasett som har med biologisk mangfald å gjere. Det same har Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning, som har bidratt økonomisk og fagleg i kartleggingsarbeidet. Det er òg eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Grunneigarar bør difor informerast og få tilgang til relevante kart dersom han/ho har område med stor verdi for biologisk mangfald på sin grunn. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i undervisninga, og relevante interesseorganisasjonar kan gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til revisjonar og endringar.

For å unngå misbruk er noko av informasjonen i kartverket er unnateke offentlegheit. Dette gjeld stadfesting av hekkelokalitetar, spelplassar og veksestad for enkelte sårbare artar og enkelte raudlisteartar. I samband med naturtypekartlegginga er det ikkje gjort særskilde funn som bør unntakas offentlegheit, men i samband med viltkartlegging bør desse omsyna vektleggast. Berre relevante sakshandsamarar i det offentlege og eventuelt den aktuelle grunneigar skal ha tilgang til slike opplysningar.

Oppdatering og revisjon av BM-kart

Ei kartlegging av det biologiske mangfaldet vil aldri vere endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg ved suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald seg stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte jamleg. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

Ein oppfordrar lesarar som har tilleggsopplysningar eller forslag til justeringar/forandringar å melde desse til kommunen sin miljøvernansvarleg.

3. NATURGRUNNLAGET I MELAND KOMMUNE

Geografisk plassering og arealbruk

Meland kommune ligg i Nordhordaland, rett nord for Salhusfjorden, med Askøy i sørvest og Radøy mot nordaust. Størsteparten av arealet vert dekkja av hovudøya Holsnøy, men i tillegg finn vi øyene Flatøy/Håøya i søraust og Ypsøy i vest. Samla areal for kommunen er 91 km².

Mykje av øya er nytta til jord- og skogbruksføremål, men etterkvart har mykje areal gått med til utbygging av bustader. Meland kommune er den tredje største presskommunen i landet når det gjeld bygging av nye bustader (Kjetil Christensen, pers.medd.).

Landskap og geologi

Landskapet i Meland er lett kupert, og vekslar mellom kultiverte daler og skogkleddede åsar. Nokre fjellkammer skil seg ut som landemerker, spesielt Eldsfjellet, Gaustafjellet og Brakstadvfjellet, som alle har ei høgd rundt 350 m.o.h.

Geologien er skildra i ein NGU-rapport (Korneliussen m.fl. 1991). Geologisk høyrer området innunder Bergensbuene, og alle bergartstypene høyrer til anortosittgruppa, som er relativt sure og fattige bergartar. 5 ulike belte går på langs av kommunen. Eit breitt belte av rein anortositt går frå Flatøy, over Gaustad og vidare vestover nord for Storavatnet og over Eldsfjellet. Dette området er særskildt karakteristisk, med lite vegetasjon og mykje bart fjell. Nord for dette beltet, frå Skarpenes og nordvestover, finn vi anortositt-gabro med nok lausavleiringar. Sør for det same beltet finn vi eit smal stripe (500-1000 m) med amfibolitt i-blanda gneis, heilt frå Flatøy til Io. Uti mot Herdlafjorden finn vi ei samla stripe gneis, og imellom denne og amfibolitten består fjellgrunnen mest av granitt.

Det meste av lausmassane i form av djupe moreneavleiringar finn vi dalbotnane frå Langeland til Dale og vidare til Fløksand, langs den gamle riksvegen. Her er dei størst og beste jordbruksareala i kommunen. Noko fruktbare areal finn ein òg der det er marine avsetningar, dette gjeld stort sett område under 45 m.o.h. nord for Fløksand.

Klima

Klimaet i Meland er typisk oseanisk med milde vintrar der frost er uvanleg og relativt kjølege somrar, samt ein høg årsnedbør. Vekstsesongen er lang, med over 200 døgn der gjennomsnittstemperaturen vert høgare enn 5°C og ein høg årstemperatur (Moen 1998). Lokalklimaet på øya varierer ein god del. Dei yttarste delane i nordvest er ganske vêrharde med mykje vind, medan ein lenger inne finn godt skjerma lokalitetar. Grunna det kuperte terrenget

finn ein både mange sør- og nordvendte områder som kan vera viktige i samanheng med biodiversitet. Dette gjeld til dømes ein del fragment av edellauvskogar.

Vegetasjon

Det overordna vegetasjonsbilete i Meland er bestemt av den geografiske plasseringa i sør samt det karakteristiske klimaet vi finn på vestkysten av Noreg (sjå over). Området ligg i den Boreonemorale vegetasjonssona som vi finn i sørlege delar av Noreg samt i områda langs kysten hovudsakleg til Trondheimsfjorden. Det er ei overgangssone mellom dei typiske edellauvskogområda og barskogdominans som i sterk grad er bestemt av sommarvarme (Moen 1998). Begge nemnte skogtypar er viktige i Meland, der ein finn edellauvskogane stort sett i sørvendte lier og i område med godt jordsmonn. Edellauvskogane er likevel sjeldne og dekkar særst fragmenterte og små areal grunna oppdyrking av jordbruksland over mange tusen år samt skogreisinga i nyare tid (dvs. førre århundre). Barskogområda med ung naturskog av furu (*Pinus sylvestris*) finn vi stort sett i områder med grunnare jordsmonn. Store områder er i tillegg planta til med Gran (*Picea abies*), og Sitkagran (*Picea sitchensis*).

Vestre delar av Nordhordaland ligg også innanfor sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Inndelinga i seksjonar er basert på variasjon frå kyst til innland og er bestemt av vintertemperaturar og luftfuktigheit (Moen 1998). Ein av vegetasjonstypene som er særskild for den vintermilde underseksjonen vi finn i Meland, er kystlynghei med innslag av purpurlyng. Dette er også ein vegetasjonstype som er sterkt trua (Fremstad & Moen 2001) og i sterk tilbakegang også lokalt.

Kulturlandskapet utgjer ein vesentleg del av landskapet og vegetasjonsbilete. Dette finn vi spreidd over heile øya, og i dagens situasjon er det relativt intensivt drive beite- og slåttemarkar samt gjengroingsstadium som dominerer. Kommunen er likevel særst aktiv i restaurering ved hjelp av STILK-midlar. Eit anna landskapselement som er viktig er havstrandsvegetasjon, som det fins mange små og større kompleks av spreidd over det meste av øya.

(Sjå elles kvar hovudkategori av naturtypar for meir informasjon om vegetasjonen i Meland.)

4. NATURTYPAR

Generelt

Direktoratet for naturforvaltning har definert 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald (DN-håndbok 13, 1999). Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriteria som er brukt ved utveljinga av naturtypar for kartlegging er:

- Førekost av raudlistearter*
- Kontinuitetsområde*, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsle beite- og slåttmarker.
- Spesielt artsrike naturtypar*
- Sjeldne naturtypar*. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. I nokre kommunar kan ein naturtype som er sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda. På kommunenivå er det òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader i fylket.
- Viktig biologisk funksjon*. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorar.
- Spesielle artar og samfunn*. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytsoner, brannfelt og kjelder.
- Høg biologisk produksjon*. Naturtypar med høg biologisk produksjon som resultat av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av spurvefugl, er eit typisk døme på dette.
- Sterk tilbakegang*. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttmarker, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle område med dei ulike naturtypane er ikkje alltid like viktige. Det er t.d. forvaltningsmessig problematisk å kartleggje alle førekostar av ein gitt naturtype i kommunar der denne naturtypen dekkjer store areal. Her har ein brukt eit sett kriterium for å plukke ut dei viktigaste områda.

Kriteria som er brukte er:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekost av raudlistearter
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar (nasjonalt og regionalt)

Kriteria ovanfor er òg nytta ved verdisetjing av kartlagde område. Følgjande verdiskala er nytta:

A = Svært viktig

B = Viktig

C = Lokalt viktig

Registrerte naturtypar i Meland Kommune

Omlag 50 av dei definerte naturtypane i DN-handboka er representerte i Hordaland. I Meland er det registrert 56 lokalitetar fordelt på 19 ulike naturtypar (Tabell 1 og 2).

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike hovudnaturtypane. For ei breiare og meir detaljert skildring av hovudnaturtypane viser ein til Fremstad (1997) og DN (1999). Under kvar hovudnaturtype blir det presentert faktaark for kvar enkelt lokalitet av denne naturtypen kartlagt i Meland kommune. I desse finn ein spesifikk informasjon for den enkelte lokalitet.

Tabell 4.1. Oversikt over registrerte og kartfesta naturtypar i Meland kommune.

Hovudtype	Undertype	Antal
Myr (A)	Intakt låglandsmyr	2
	Intakt høgmyr	
	Terrenedekkande myr	
	Rikmyr	
Rasmark, berg og kantkratt (B)	Kjelde og kjeldebekk	
	Sørvendt berg og rasmark	
Fjell (C)	Kantkratt	
	Kalkrike område i fjellet	
Kulturlandskap (D)	Slåtteeuger	4
	Slåttemyr	
	Artsrike vegkantar	
	Naturbeitemark	1
	Hagemark	2
	Skogsbeiter	
	Kystlvghei	7
	Kalkrike enger	
	Fuktenger	
	Småbiotopar	
	Store gamle tre	1
	Parklandskap	3
	Erstatningsbiotopar	
	Skrotemark	
Grotter/gruver		
Ferskvatn/våtmark (E)	Deltaområde	
	Mudderbankar	
	Kroksjøar og meanderande elv	
	Storre elveører	
	Fossesprøytsoner	
	Viktige bekkedrag	1
	Kalksjøar	
	Rike kulturlandskapssjøar	4
	Dammar	2
	Naturlig fisketomme innsjøar/tjern	2
Skog (F)	Rik edellauvskog	7
	Gammal edellauvskog	3
	Kalkskog	
	Bjørkeskog med hogstaudar	
	Grør-heggeskog	
	Rikare sumpskog	1
	Gammal lauvskog	
	Urskog/gammalskog	2
	Bekkeløfter	
	Brannfelt	
Kystfuruskog		
Havstrand/kyst (G)	Grunne straumar	
	Undervasseng	
	Sandstrender	1
	Strandeng og strandsump	9
	Tangvollar	
	Brakkvassdelta	
Andre viktige førekomstar	Brakkvasspollar	
	Kalkrike strandberg	2
		4

Tabell 2. Oversikt over registrerte og kartfesta naturtypelokalitetar i Meland kommune.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Prioritet
1	Nordre Skjelanger	Kyslynghei	B
2	Skjelangerbukta	Strandeng og strandsump	A
3	Buhellervika	Strandeng og strandsump	C
4	Sætrevika	Strandeng og strandsump	B
13	Nordvest av Liavatn	Rik edellauvskog	B
17	Sør om Hagarstjørna	Kystlynghei	C
18	Sandvika	Sandstrender	C
20	Hamnekleiva	Rik edellauvskog	A
23	Vikebøtjørnet	Intakt låglandsmyr	C
24	Skintveitfjellet	Gamal edellauvskog	B
26	Lunden	Parklandskap	C
28	Kobbevangen	Andre viktige førekomstar	C
30	Ypsøy Nord	Kystlynghei	B
31	Ypsøy Sør	Kystlynghei	B
32	Eikelandsvatnet	Rike kulturlandskapsjøar	B
36	Leirvik Gård	Parklandskap	B
37	Leirvik vest	Strandeng og strandsump	A
39	Brakstadvatnet	Rike kulturlandskapsjøar	B
40	Indre Brakstad	Rik edellauvskog	B
41	Hjartåsstøa I	Småbiotoper	C
42	Hjertåsmyrane	Intakt låglandsmyr	B
44	Eldsfjellet	Kystlynghei	C
46	Tveit/ Holme	Andre viktige førekomstar	C
50	Dalstøtjørna	Naturlig fisketomme innsjøer og tjørn	C
54	Sognevika	Urskog/gamalskog	C
60	Mjåtveitelva (nedre)	Rikere sumpskog	A
61	Mjåtveitelva (øvre)	Viktige bekkedrag	C
69	Håøya	Parklandskap	B
78	Fureskjegget	Hagemark	C
83	Skogsvatnet	Rike kulturlandskapsjøar	C
85	Evja	Strandeng og strandsump	B
87	Refskar-Åsen	Rik edellauvskog	B
88	Einerhaugen	Slåttenger	B
93	Gripakletten	Urskog/gamalskog	B
95	Gripsgård	Slåttenger	B
104	Dalevatnet	Rike kulturlandskapsjøar	C
108	Leira	Strandeng og strandsump	B
114	Io v/friområdeinngang	Kystlynghei	B
116	Hopland	Rik edellauvskog	B
117	Hundkjeften-Husebøvatnet	Kystlynghei	B
118	Mjåtveitsvegen	Andre viktige førekomstar	C

119	Leirvik aust	Strandeng og strandsump	A
120	Ytre Leirvik	Kalkrike strandberg	C
121	Gaustadelva	Gamal edellauvskog	B
122	Takrøyrjtjørnet	Andre viktige førekomstar	C
125	Storaska	Store gamle tre	C
126	Svartorsump-Gaustad	Gamal edellauvskog	B
127	Hestdal	Rik edellauvskog	C
128	Storevågen	Strandeng og strandsump	B
129	Ypsøy Gard	Slåttenger	C
130	Hjartåsstøa II	Hagemark	B
131	Under Sakstadnuten	Naturbeitemark	B
132	Landsvik	Rik edellauvskog	B
133	Trippsteinstjørn	Naturlig fisketomme innsjøer og tjørn	C
134	Hagardstjørna	Naturlig fisketomme innsjøer og tjørn	B
135	Mjåtveitstjørna	Naturlig fisketomme innsjøer og tjørn	B
136	Langelandstjørna	Dammer	B
137	Dam ovanfor Litlebergen Sunde	Dammer	C


A. Myr

Myr er økosystem med høg grunnvasstand, der nedbrytinga av dødt organisk materiale går så seint at det skjer ei opphoping av delvis omdanna materiale, torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på; m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999). Myrene har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som voksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

Myrtypane som dominerer i Meland klassifiserast av Direktoratet for Naturforvaltning (DN 1999a) som intakte låglandsmyrer. Både omfanget og talet låglandsmyrane er sterkt redusert i Meland grunna tilplanting med gran og drenering. Desse myrane er generelt sjeldne i boreonemoral sone og det er difor det er lagt vekt på denne typen i samband med kartlegging av naturtypar. Slike myrer vert ikkje altså ikkje først og fremst registrert fordi dei har eit særskild artsinventar, men på grunnlag av storleik (>50da).


Det er ikkje registrert førekomstar av meir artsrike myrtypar som t.d. rikmyrer i Meland kommune.

Vikebøtjørnet



Lokalitet nr.	23	Namn	Vikebøtjørnet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0284284 6720942
Hovudnaturtype	Myr	Kartblad (M711)	1116-III			
Undertype	Intakt låglandsmyr	Vegetasjonstype	L4a: Flaskestarr-trådstarr-utf.			
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Myra ligg sørvest for Vikebøtjørnet. Det er ei intermediær jordvassmyr av høgstarrtypen, representert ved ein relativt artsfattig flaskestarr-utforming. Typisk med tue-fastmatte-lausbøtn gradient. Tuene er dominert av Pors, fastmattene av gras og starr og lausbøtnen av torvmoseartar og bukkeblad. Stort sett trivielle artar, men er likevel artsrik for kommunen. Den er også intakt.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>	Bukkeblad <i>Menyanthes trifoliata</i>	Knappsiv <i>Juncus conglomeratus</i>				
Pors <i>Myrica gale</i>	Skjoldbærer <i>Scutellaria galericulata</i>	Engfrytle <i>Luzula multiflora</i>				
Groftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>	Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>	Stjernestorr <i>Carex echinata</i>				
Myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	Myrtistel <i>Cirsium palustre</i>	Slåtestorr <i>Carex nigra</i>				
Tepperot <i>Potentilla erecta</i>	Rome <i>Nartheicum ossifragum</i>	Flaskestorr <i>Carex rostrata</i>				
Blåtopp <i>Molinia caerulea</i>	Hundekvein <i>Agrostis canina</i>	Englodnegras <i>Holcus lanatus</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
På grunnlag av lokal sjeldanheit, storleik >50 da, samt at lokaliteten er intakt vert den vurdert som viktig.						
Avgrensing						
Følgjer markslagsgrensene mellom myr og omkringliggende område.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland	Dato	15.07.2002			

Hjertåsmyrane



Lokalitet nr.	42	Namn	Hjertåsmyrane	UTM (Euref89)	Aust Nord	0287400 6717200
Hovudnaturtype	Myr	Kartblad (M711)		1116-II		
Undertype	Intakt låglandsmyr	Vegetasjonstype		J2c Kysttorvmose-heigråmose-utf., K1 Skog-/krattbevokstfattigmyr K2b Røsslyng-kysthei-utf		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Store områder med myr som delvis er tresett. Nokre småområder er tilplanta med gran. Myra er dominert av tuer med mykje lyng, og fastmatter. Det fins også fuktigare partiar med høgt gras og siv.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Det føreligg inga artsliste frå lokaliteten.						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Drenering og utbyggjing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Området er ei av dei få store intakte myrområda på Meland, og alle meir eller mindre intakte låglandsmyrer av storleik >50da vert vurdert som viktige (B).						
Avgrensing						
Grensar mot tørr og berglendt mark.						
Referansar						
-						
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun			Dato	20.08.2001	

B. Rasmark, berg og kantkratt

Denne naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, på tørre, steinete bakkar, skrentar og strandberg. Naturtypen dekkjer typisk nokså små areal, men kan likevel vere voksestad for ei rekkje interessante og sjeldne artar som er bundne til tørre, lysopne stader.

Denne naturtypen er ikkje registrert i Meland kommune.

C. Fjell

Fjell er definert som område over den klimatiske skoggrensa. Som økosystem er fjellet sårbart, fordi ein her nærmar seg yttergrensa for kor det er mogleg å overleve. Sjølv om store delar av fjellområda tilsynelatande er urørt av inngrep, er store område påverka av intensivt husdyrbeite. Den viktigaste økologiske faktoren i fjellet er klimaet, men ein annan viktig faktor er plantane sin tilgang på næringsstoff. I biologisk mangfald samanheng skil difor kalkrike område, med berggrunn som lett forvitrar, seg ut som særleg viktige.

Denne naturtypen er ikkje registrert i Meland kommune.

D. Kulturlandskap

Kulturlandskap er landskap som er påverka av mennesket, og utgjer mykje av naturen omkring oss. I denne samanheng brukar ein omgrepet på naturtypar der menneska har hatt, og har, avgjerande betydning for utforminga av vegetasjon og samansetning av artar. Dette gjeld først og fremst jordbrukslandskapet. Gjennom ulik bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt skapt mange ulike leveområde for plantar og dyr. Områda som er plukka ut for denne kartlegginga er område med spesiell betydning for biologisk mangfald, både gjennom å ha høg artsriksdom og spesielle artar, samstundes som dei er i tilbakegang. Dei mest karakteristiske kulturlandskapstypane for Meland og kyststrøka på Vestlandet er mellom anna utformingar av friske enger, naturbeitemarker og kystlynghei (sjå DN-handbok 13).


Hovudnaturtypen er sterkt representert i Meland. På mange måtar kan ein seia at heila hovudøya er eit kulturlandskap, med få vegetasjonstypar som er upåverka av mennesket med ein alder høgare enn hundre år (sjå skog). Sjølv om det er mange lokalitetar registrert i kulturlandskapet er det likevel få av desse som har god kontinuitet i skjøtselen.

Engene (slåtteenger og naturbeiter) er stort sett intensivt drive, med tilførsel av store mengder gjødsel. Det sistnemnte gjeld også beiter som ligg i tilknytning til utmarksområdar. Mange englandskap er også i gjengroingsfasen. Friske fattigenger (ulike utformingar av jordnøtteng) er typiske for kyststrøk på vestlandet. Desse er vurdert som sterkt trua (Fremstad & Moen 2001), og kommunar på vestlandskysten har difor eit særskild ansvar for å ta vare på desse kulturbetinga typane. Dei områda som er tatt med i registreringane bør prioriterast ved bruk av STILK-midlar. Ein tradisjonell skjøtsel av desse vil innebera vår- og haustbeite, med slått seint på sommaren (pers. medd. Mary Losvik)

Når det gjeld hagemark og skogsbeiter og andre engliknande vegetasjonstypar som vi finn på kysten er det få med lang kontinuitet i Meland. Felles for alle typane er likevel at kommunen har gjennomført eit omfattande restaureringsarbeid ved bruk av STILK-midlar. Ein bør også overvake bruken av gjødsel i desse restaureringområda. Ved seinare oppdateringar bør desse lokalitetane vurderast, og spesielt med omsyn til beitemarksopp.


Kystlynghei er den kulturlandskapstypen som dekkar størst areal i Meland. Mange er prega av gjengroing, men nokre områder vert restaurert. Sidan denne vegetasjonstypen er sterkt trua (Fremstad & Moen 2001), bør ein prøva å halde ved like skjøtselen i dei mest verdifulle områda. Innsatsen bør då konsentrerast om områda som har ei viss kontinuitet samt utformingar av

purpurlynghei. Utvalet av verdifulle lokalitetar i denne registreringa gjenspeglar dette og har konsentrert seg om dei områda som vert/skal skjøttast. Området rundt landemerket Eldsfjellet illustrerer situasjonen for denne naturtypen i Meland godt. Her ser vi at skoggrensa er på veg oppover grunna opphør av beite. Dersom kommunen vil ta var på dette landmerket i dagens form bør det oppmuntrast til å ha sauene på beite i staden for å sende dei i fjellet i innlandet.



Lokalitet nr.	1	Navn	Nordre Skjelanger	UTM (Euref89)	Aust: 0278500 Nord: 6726400
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III	
Undertype	Kystlynghei		Vegetasjonstype	-	
Prioritet	Viktig (B)				
Områdeskildring					
<p>Kyslynghei i gjengroingsfase. Før 1938 var heile skjelanger nytta til beite med lyngbrenning. I 1938 eksproprierte Haakons Vern ytre deler. Dette området er etter dette blitt dårleg skjøtta. I romjula 1956 var det lyngbrenning på Husebø. Dette kom ut av kontroll, og store delar Skjelanger blei avbrent. Noko av det som gjekk klar brannen var skogen på Eldsneset. Idag har Bernt K. Skjelanger sau på innmark rundt fyr og bygningar, og utafor det militære området. Fleire ulike områder vert/skal ryddast og brennast, samt inngjerding for beitebruk. Alle områder som skal skjøttast vidare ligg utanfor militært område (Pers medd. Kjetil Christensen).</p>					
Nøkkelement					
-					
Registrerte raudlisteartar					
-					
Registrerte karakterartar (karplanter)					
Rosslyng <i>Calluna vulgaris</i>	Rosenrot <i>Rhodeola rosea</i>	Blåknapp <i>Succisa pratensis</i>			
Klokkelyng <i>Erica cinerea</i>	Småengkall <i>Rhinanthus minor</i>				
Andre indikatorartar					
<i>Micarea coppinsii</i> (lav)					
Aktuelle trugsmål og konfliktrar					
Gjengroing, Sur nedbør					
Aktuelle skjøtselstiltak					
Det er planlagt rydding og brenning, samt inngjerding med beiting					
Grunngjeving					
Kystlynghei er ein truga vegetasjonstype. Denne lokaliteten vert først og fremst inkludert fordi den vert planlagt skjøtta. Såleis kan denne få tilbake tidlegare kvalitetar, og vert difor vurdert som viktig.					
Avgrensing					
Området er avgrensa mot militær område i vest, men er elles vanskeleg å avgrense utan bruk av temakartet.					
Referansar					
Munnleg: Bernt K. Skjelanger (Oppsynsmann). Kjetil Christensen (Planansvarleg i Meland kommune)					
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun		Dato	21.08.2001:	


Sør om Hagardstjørn




Lokalitet nr.	17	Namn	Sør om Hagardstjørn	UTM (Euref89)	Aust Nord	0282200 6721800
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Kystlynghei		Vegetasjonstype	H3b Røsslyng-purpuryng-utf.		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Store områder med lynghei dominert av røsslyng og purpuryng, i mosaikk med tregrupper og myr i mellom fjellknausane.						
Området vert framleis beita av storfe og sau, men brenning vert tilsynelatande ikkje tilpassa.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Purpuryng <i>Erica cinerea</i> Olavsskjegg <i>Asplenium septentrionale</i>						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Attgroing.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Oppretthalde beiting av sau og storfe. Ta opp att lyngbrenning						
Grunngjeving og prioritet						
Kystlynghei er ein naturtype på sterk retur, og utformingar med purpuryng vert rekna som viktige.						
Avgrensing						
I mellom knausar sør for Hagardstjørn. Vanskeleg å avgrensa utan temakart.						
Referansar						
-						
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun		Dato	28.08.01		

Lunden


21



Lokalitet nr.	26	Namn	Lunden	UTM (Euref89)	Aust Nord	0283025 6720409
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Parklandskap					
Prioritet	Lokalt viktig (C)		Vegetasjonstype	-		
Områdeskildring						
<p>Ein gamal botanisk hage (+100 år) på eit nes mot Rosslandsvågen. Lokaliteten er i ferd med å gro att og har meir preg av ein vanleg skog. Ligg i vekslende terreng der søkka er ganske fuktige og næringsrike, medan knausane er relativt tørre og fattige.</p> <p>Inneheld både ville og innførte treartar. (Det fins ei eiga liste over alle tre artane i området i kommunen si karplantebase)</p>						
Nøkkelement						
Ein god del liggande og ståande daud ved som bør få vera i fred ved ei restaurering.						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Barlind <i>Taxus baccata</i>		Spisslønn <i>Acer platanoides</i>		Bergflette <i>Hedera helix</i>		
Bøk <i>Fagus sylvatica</i>		Kristtorn <i>Ilex aquifolium</i>		Ask <i>Fraxinus excelsior</i>		
Sommareik <i>Quercus robur</i>		Lind <i>Tilia cordata</i>		Hagtorn <i>Crataegus monogyna</i>		
Svarthyll <i>Sambucus nigra</i>						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konfliktrar						
Gjengroing, samt for intensiv opprydding.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
<p>Kommune sysler med tankar om å gjera det gamle arboreet/parken meir tilgjengeleg ved å rydda i skogen og kanskje restaurera det gamle lysthuset og stiane. Dette i samarbeid med Rossland ungdomskule og Bergen og Omegn Friluftsråd (Pers. medd. Sveinung Toft 2000)</p> <p>Området bør då ryddast og skjøttast "middels" (jf. Direktoratet for Naturforvaltning 1999a) for å gjenoppretta noko av dette parklandskapet, samstundes som ein tek vare dei biologiske kvalitetane. Aktuelle tiltak kan vera: forsiktig rydding av kratt, fristilling av ein del eldre edellauvtre, rydde oppslag av bartre (unntatt Barlind), la daud ved liggje og eventuelt bruke svak beiting som vidare skjøtelsform.</p>						
Grunngjeving og prioritet						
<p>Mange parkområder har stort mangfold av artar sidan parkane ofte har relativ lang kontinuitet. I dette tidlegare arboreet finn ein mange ulike treslag, samt daudved-strukturar som kan vera viktige i biologisk mangfald samanheng. Det er likevel ikkje gjort særskilde funn, bortsett frå dei planta trea og lokaliteten vert difor vurdert som lokalt viktig.</p>						
Avgrensing						
Ligg på Lundeneset, og er avgrensa av sjø i alle retningar bortsett frå mot søraust der avgrensinga er usikker, men går imot yngre skog.						
Referansar						
Munnleg: Sveinung Toft, Miljøvernleiar i Meland Kommune						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	19.08.2002		




Lokalitet nr.	30	Namn	Nordre Øpso	UTM (Euref89)	Aust Nord	0280542 6720402
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Kystlynghei		Vegetasjonstype	H1a Røsslyng-utf., H1b Purpurlyng-utf., H2 Tørr gras-urterik hei		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
<p>Tørr og fattig utforming av kystlynghei dominert av røsslyng. Ligg på nordspissen av Øpso. Området har ikkje vore beita på omlag 20 år og har vist tendensar til gjengroing. Idag vert området gradvis restaurert av den entusiastiske grunneigaren Vigleik Ypsøy. Restaureringa består i beiting med villsau samt at omlag 50 da vert brent kvart år (Vigleik Ypsøy, pers.medd. 2002). Brenninga medfører eit større innslag av urter og gras som t.d. tirlunge og gulaks i lyngheia.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>		Tirlunge <i>Lotus corniculatus</i>		Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>		
Einer <i>Juniperus communis</i>		Klokkelyng <i>Erica tetralix</i>		Mjølbbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
-						
Aktuelle skjøtelsstiltak						
Fortsatt restaurering med beiting og brenning.						
Grunngjeving og prioritet						
Dette området vil sannsynlegvis saman med det nesten identiske Søre Øpso kunne bli dei to av dei best skjøtta områda med kystlynghei i Meland i framtida. Difor vert desse prioritert som regionalt viktig (B)						
Avgrensing						
I sør er det eit søkk der det går eit gjerde tvers over øya. I alle andre himmelretningar er det sjø.						
Referansar						
Munnleg: Vigleik Ypsøy, grunneigar						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	19.08.2002		



Lokalitet nr.	31	Namn	Søre Øpso	UTM (Euref89)	Aust Nord	0281500 6719700
Hovudnaturtype	Kulturlandskap			Kartblad (M711)	1116-III	
Undertype	Kystlynghei			Vegetasjonstype	H1a Røsslyng-utf., H1b Purpurlyng-utf., H2 Tørr gras-urterik hei	
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Tørr og artsfattig utforming av kystlynghei dominert av røsslyng. Ligg på søraustspissen av Øpsøy. Er til forveksling lik området i nord						
Området har ikkje vore beita på omlag 20 år og har vist tendensar til gjengroing. Idag vert området gradvis restaurert av den entusiastiske grunneigaren Vagleik Ypsøy. Restaureringa består i beiting med villsau samt at omlag 50 da vert brent kvart år (Vagleik Ypsøy, pers.medd. 2002). Brenninga medfører eit større innslag av urter og gras som t.d. tiriltunge og gulaks i lyngheia.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>		Tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i>		Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>		
Einer <i>Juniperus communis</i>		Klokkelyng <i>Erica tetralix</i>		Mjølbbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
-						
Aktuelle skjøtselsiltak						
Fortsatt restaurering med beiting og brenning.						
Grunngjeving og prioritet						
Dette området vil sannsynlegvis samene med det nesten identiske Nordre Øpso kunne bli dei to av dei best skjøtta områda med kystlynghei i Meland i framtida. Difor vert desse prioritert som regionalt viktig (B)						
Avgrensing						
Ligg i eit knausete landskap omkrinsa av sjø.						
Referansar						
Munnleg: Vagleik Ypsøy, grunneigar.						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	19.08.2002	

LEIRVIK GARD


24



Lokalitet nr.	36	Namn	Leirvik gard	UTM (Euref89)	Aust Nord	0285514 6717842
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Parklandskap					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	-		
Områdeskildring						
Ein lang allè, langs gardsveg ned mot sjøen. Allèen består av ulike edellauvtre som bøk, eik, ask og hestekastanje.						
Trea er over 100 år gamle (Fylkesmannen 2002), noko som er ein høg alder for Meland, og kan ha stor betydning ulike lav- og moseartar. Det vart gjort eit lite funn av lungenever, ein indikatorart for det artsrike lungeneversamfunnet. Denne er berre funnen to andre stader på øya.						
Gardsområdet i sin heilskap vart føreslått freda av fylkesarkitekten i 1971 (Fylkesmannen 2002).						
Nøkkelement						
Gamle tre						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
-						
Andre indikator artar						
Lungenever <i>Lobaria pulmonaria</i>						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing og utskygging						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Forsiktig rydding av bartre på oppsida av vegen, kan vera eit viktig tiltak sidan gamle tre ofte treng mykje lys.						
Grunngjeving og prioritet						
Trea er relativt gamle og funnet av lungenever indikerer viktige biologiske verdiar. Parklandskap som er godt utvikla vert rekna for viktige (B).						
Avgrensing						
Allè på den eine sida av vegen						
Referansar						
Skriftlege: Fylkesmannen 2002						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	27.06.2002		

Hjertåsstøa

25



Lokalitet nr.	41	Namn	Hjertåsstøa	UTM (Euref89)	Aust Nord	0288693 6716612
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Slåtteenger		Vegetasjonstype	-		
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
Eit ugjødsla lite engfragment i eit ekstensivt drive kulturlandskap. Enga er ein tørr variant av jordnøtteng. Delar er relativt open av struktur, men nordleg del gror delvis att med englodnegras. Botnsjiktet har mykje mosar, medan feltsjiktet er gras og urterikt. Det har vore lang kontinuitet i skjøtselen (Kari Stople, pers.medd.2002) noko som har skapt ei eng som før har vore veldig vanleg, men som no er sjeldan.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Engsyre <i>Rumex acetosa</i>	Kystgrisøyre <i>Hypochoeris radicata</i>	Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>				
Kvitkløver <i>Trifolium repens</i>	Grov nattfiol <i>Platanthera chlorantha</i>	Engfrytle <i>Luzula multiflora</i>				
Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>	Knegrass <i>Danthonia decumbens</i>	Geitsvingel <i>Festuca vivipara</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing med høge planter						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Problemet med gjengroing tyder på at ein slått på midtsommaren moglegvis ikkje er nok for å oppretthalde ein open struktur i enga. Det bør undersøkjast om området før har vore beita om våren eller hausten. Beite frå lamming til tidleg i juni, samt haustbeite frå Mikkelsmess, kan vera ein skjøtelsmåte som sikrar ein open struktur og mulegheiter for regenerering/rekolonisering (Pers medd. Mary Losvik). Slåttetidspunkt bør styrast etter tidspunkt for frøsetjing, men bør vera før midten av august. Ein bør også visa varsemnd med beiting sidan mange orkidear kan vera sårbare for beiting (Fremstad & Moen 2001). Utviding av enga med same type skjøtsel hadde også vore positivt.						
Grunngjeving og prioritet						
Sjølv om denne vegetasjonstypen er sjeldan, er fragmentet så lite at den berre vert rekna for lokalt viktig.						
Avgrensing						
Avgrensa til eit lite område i ein helling i mellom ein gardsveg og eit anna engområde med ulik skjøtsel.						
Referansar						
Munnleg: Kari Stople (grunneigar), Mary Losvik (Universitetet i Bergen)						
Skriftlege: Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge.-NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	15.07.2002		


Eldsfjellet



Lokalitet nr.	44	Namn	Eldsfjellet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0283000 6723000
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Kystlynghei					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	H1b Purpurlyng, H2 Gras- og urterik hei		
Områdeskildring						
Stort bergplatå med mykje bart fjell av sure bergatar. Innimellom knausane finn ein ulike utformingar av lyng og grashei.						
I området over Skurtveit finn ein mykje purpurlyng i liene. Opppå platået er det mange fisketomme tjørn (sjå egne registreringar).						
Området er eit landemerke og ein av stoltheitane i kommunen.						
Grunna sterkt redusert beitetrykk, vil området på sikt gro att, og ein bør difor stimulere til auka bruk av fjellet som beiteområde.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>		Flekkmarihand <i>Dactylorhiza maculata</i>		Rome <i>Narthecium ossifragum</i>		
Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>		Klokkelyng <i>Erica tetralix</i>		Kornstorr <i>Carex panicea</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroingen er tydeleg sjølv om den går sakte sidan det er karrige forhold med mykje bart fjell.						
Aktuelle skjøtselsstiltak						
Restaurering med retta beiting (og eventuelt brenning).						
Grunngjeving og prioritet						
Området er lokalt veldig viktig som kommunen sitt fremste landemerke. Samtidig er det eit større område med purpurlyng. Sjølv om området til dels er dårleg skjøtta vert det vurdert som viktig (B).						
Avgrensing						
Sentrale områder av lokaliteten er tydelege. Den ytre avgrensinga derimot er vanskelegare og ved eventuelle inngrep bør synfaring benyttast for å vurdere avgrensinga. Sjå elles kart..						
Referansar						
Munnleg: Vagleik Ypsøy, grunneigar.						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	29.05.2002		



Håøya

27




Lokalitet nr.	69	Namn	Håøya	UTM (Euref89)	Aust Nord	0293982 6717840
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Parklandskap		Vegetasjonstype	-		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Lokaliteten er ein del av friluftsområdet på Håøya, og omfattar områda rundt kaianlegget og dei gamle innmarkene.						
Naturtypen er difor ei blanding av gamle slåtte- og beitemarker, samt edelauskog, men vert her klassifisert som parklandskap sidan området i dag vert skjøtta som friluftsområde.						
Ganske velvaksne asktre og hasselkratt dominerer tresjiktet, medan det i dei opnare områda er relativt artsrike engfragment, slik ein ofte finn i slike halvt gjengrodde områder. Det fins eit nettverk av gamle vegar og murar i området.						
Nøkkelement						
Gamle vegar og murar frå jordbruksdrift, samt bygningar frå krigen.						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Svartor <i>Alnus glutinosa</i>	Knollerteknapp <i>Lathyrus linifolius</i>	Småengcall <i>Rhinanthus minor</i>				
Hassel <i>Corylus avellana</i>	Skogstorkenebb <i>Geranium sylvaticum</i>	Skogvikke <i>Vicia sylvatica</i>				
Sommareik <i>Quercus robur</i>	Småmarimjelle <i>Melampyrum sylvaticum</i>	Brunrot <i>Scrophularia nodosa</i>				
Spisslønn <i>Acer platanoides</i>	Smalkjempe <i>Plantago lanceolata</i>	Skogsvinerot <i>Stachys sylvatica</i>				
Lind <i>Tilia cordata</i>	Fjellkvann <i>Angelica archangelica</i>	Kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i>				
Ask <i>Fraxinus excelsior</i>	Skjoldbærer <i>Scutellaria galericulata</i>	Bleikstorr <i>Carex pallescens</i>				
Kjøtttype <i>Rosa dumalis</i>						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Området gror delvis att, men er relativt opent grunna skjøtsel som friluftsområde, ferdsel og hjortebeiting. Nokre mogleg skjøtselstiltak ville vera å slå dei gamle innmarkene ein gong på seinsommaren, samt å fristille ein del tre. Beiting kunne vera eit anna tiltak, men dette kan kome i konflikt med friluftinteressene.						
Grunngjeving og prioritet						
Artsrikdommen av planter er stor i området, og lokaliteten vert difor vurdert som viktig.						
Avgrensing						
Vert avgrensa av markslagsgrensene. Lokaliteten er omringa av fattigare skogtypar dominert av bartre eller bjørk.						
Referansar						
-						
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun/ Stein Joar Hegland		Dato	08.08.2001/ 20.08.2002		

Fureskjegget




Lokalitet nr.	78	Namn	Fureskjegget	UTM (Euref89)	Aust Nord	0291767 6720337
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Hagemark		Vegetasjonstype	-		
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
<p>Havnehage med ein del eldre selje, rogn, bjørk og yngre asker i tresjiktet og eit grasdominert feltsjikt. Det er ingen særskilde artar i feltsjiktet, som vert dominert av engkvein og noko oppslag av myrtistel. Hagemarkstrea er rike på lav og det kan vera at interessante lav og soppartar veks her, sjølv om lokaliteten sannsynlegvis er av ung alder og med for liten kontinuitet. Området vert beita av storfe, og vert tilsynelatande gjødsla sidan feltsjiktet er såpass einsarta.</p>						
Nøkkelement						
Bergknausar med lavrike hagemarkstre						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Ingen særskilde artar registrerte						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Overgjødsling						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Stoppe gjødsling						
Grunngjeving og prioritet						
Alle hevda hagemarker er viktige, men sidan ingen særskilde artar er registrerte samt at det sannsynlegvis vert gjødsla, gjer at lokaliteten berre vert rekna som lokalt viktig (C).						
Avgrensing						
Ligg innimellom fattigare område av skog, gamal innmark og sjø. Lokaliteten er likevel vanskeleg å avgrensa utan temakart.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	22.08.2002	

Einerhaugen




Lokalitet nr.	88	Namn	Einerhaugen	UTM (Euref89)	Aust Nord	0289900 6722200
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Slåtteenger		Vegetasjonstype	G4b Jordnøtt-utf.		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
<p>Gammal slåtteeng som no vert nytta både til slått og beite. På haugane finn vi urterike utformingar av jordnøtteng, medan vi elles finn noko meir trivielle utformingar. Lokaliteten ber ikkje preg av å vera mykje gjødsla, men førekomst av artar som engreverumpe kan likevel tyde på ei viss tilriking.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>	Følblom <i>Leontodon autumnalis</i>	Smalkjempe <i>Plantago lanceolata</i>				
Småsyre <i>Rumex acetosella</i>	Engfrytle <i>Luzula multiflora</i>	Blåkoll <i>Prunella vulgaris</i>				
Blåklokke <i>Campanula rotundifolia</i>	Ryllik <i>Achillea millefolium</i>	Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Ein bør sørga for at det ikkje vert gjødsla. Samtidig kan det vera viktig å sikra at det vert gjennomført ein tilnærma tradisjonell skjøtsel: vårbeiting, slått etter frøsetjing og haustbeiting (Pers. medd Mary Losvik)						
Grunngjeving og prioritet						
Den er relativt artsrik og er sjeldan i området. Samstundes er den er av brukbar storleik og har tilsynelatande ei viss kontinuitet i skjøtselen. Vert difor vurdert som viktig (B).						
Avgrensing						
Markslaggrensar samt hovudvegen og gardsbygningar avgrensar lokaliteten.						
Referansar						
Munnlege: Mary Losvik (Universitetet i Bergen)						
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun		Dato	07.08.2001		





Lokalitet nr.	95	Namn	Gripsgård	UTM (Euref89)	Aust Nord	0287700 6720700
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Slåtteenger		Vegetasjonstype	G4b Jordnøtt-utf.		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
<p>Ei rekke engfragment i eit til dels ekstensivt drive kulturlandskap. Gardsbruket blei fram til 1994 drive tradisjonelt med slått ved hjelp av slåmaskin og hjå, og utan stor tilførsel av gjødsel. Dessutan var det vår og haustbeite på innmarka (Roald 1999).</p> <p>Området i sin heilskap er ganske spesielt, med mange fragment av typiske engtyper som t.d. jordnøtteng. Mange av dei karakteristiske artane er enno til stades. Dei ulike delområda frå dei botaniske registreringane (Roald 1999) vert tilsynelatande skjøtta ekstensivt, men syner- i ulik grad- tendensar til gjengroing.</p> <p>Utifrå eit kort feltbesøk i 2002 kan det verke som om ei av dei mest intakte jordnøttengene ligg ovanfor og utanfor området som er registrert i 1999. Dette området vert beita, og beite bør kunne fortsette eventuelt med litt høgare beitetrykk for å unngå gjengroing.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Harerug <i>Bistorta vivipara</i>	Prestekrage <i>Leucanthemum vulgare</i>			Kystmaure <i>Galium saxatile</i>		
Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>	Blåklokke <i>Campanula rotundifolia</i>			Jonsokkoll <i>Ajuga pyramidalis</i>		
Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>	Tviskjeggveronika <i>Veronica chamaedrys</i>			Tirilunge <i>Lotus corniculatus</i>		
Bleikstorr <i>Carex pallescens</i>	Smalkjempe <i>Plantago lanceolata</i>			Bråtestorr <i>Carex pilulifera</i>		
				Blåkoll <i>Prunella vulgaris</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing og gjødsling						
Aktuelle skjøtselstiltak						
<p>Det er litt usikkert korleis skjøtselen i området er, men nokre delområder syner tendensar til gjengroing og bør slås eller beitast. Dette bør fortrinnsvis skje etter at blomstring og frøsetting har inntruffe, omlag frå midten av juli. Området ovanfor Gripsgård bør beitast litt meir intensivt for å hindra atngroing.</p> <p>Området bør prioriterast for STILK.</p>						
Grunngjeving og prioritet						
Området er godt undersøkt, og har ein del særskilde kvalitetar. Sjølv om skjøtselen ikkje er heilt tilfredstillande er området likevel viktig.						
Avgrensing						
Følgjer stort sett markslagsgrensene i området. Det øvre området er utanfor eigedomsgrensene til Gripsgarden.						
Referansar						
Skriftlege: Roald, S.K. 1999. Botaniske registreringer i kulturlandskapet på Gripsgård i Meland kommune. Meland kommune, intern rapport: 1-9						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	16.07.2002		

Io v/frområdeinngang




Lokalitet nr.	114	Navn	Io v/frområdeinngang	UTM (Euref89)	Aust: 0281600 Nord: 6720600
Hovudnaturtype	Kulturlandskap	Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Kystlynghei	Vegetasjonstype	H2 Tørr gras-urterik hei H3 Fuktig lynghei		
Prioritet	B (viktig)				
Områdeskildring					
Gras dominert kystlynghei, med ein god del innslag av urter. Lokaliteten varierer mellom tørre knauser med engprega vegetasjon og fuktige myraktig deler med preg av lynghei, og er beitebetinga. Dekkar eit relativt lite område, men verkar i brukbar hevd gjennom sauebeiting. Spredde tre og einerbuskar førekjem.					
Nøkkelement					
-					
Registrerte raudlisteartar					
-					
Registrerte karakterartar (karplanter)					
Kystmyrklegg, <i>Pedicularis sylvatica</i>	Flekkmarihand <i>Dactylorhiza Macuklata</i>	Engkvein <i>Agrostis cappilaris</i>			
	Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>	Tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i>			
Heiblåfjærr <i>Polygala serpyllifolia</i> ,	Smalkjempe, <i>Plantago lanceolata</i>	Kvitkløver <i>Trifolium repens</i>			
Rome <i>Narthecium ossifragum</i> ,					
Andre indikatorartar					
-					
Aktuelle trugsmål og konflikhtar					
Tilsynelatande i god hevd, men noko buskoppslag og gjengroing langs kantane					
Aktuelle skjøtselstiltak					
Fortsatt beiting, eventuelt med rydding av treoppslag					
Grunngjeving og prioritet					
Kystlynghei er ein truga vegetasjonstype. Denne lokaliteten vert relativt bra skjøtta, og vert difor vurdert som viktig.					
Avgrensing					
Ligg rett ved vegen til friluftsområdet og er elles avgrensa av sjø og granplantingar					
Referansar					
-					
Registrert av	Stein Joar Hegland	Dato	29.05.2002		

Hundkjeften-Husebøvatnet




Lokalitet nr.	117	Namn	Hundkjeften-Husebøvatnet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0281200 6723700
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Kystlynghei		Vegetasjonstype	H3 Fuktig lynghei		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
<p>Ei karakteristisk fattig og fuktig kystlynghei med purpurlyng i sørvendte lier. Ligg lokalisert vest for Eldsfjellet, i mellom Sætrevika og Husebøvatnet.</p> <p>Feltsjiktet er fattig på artar og dominert av røsslyng, einer, pors, klokkelyng, og med innslag av flekkmarihand og purpurlyng.</p> <p>Områda rundt er Eldsfjellet er elles stort sett planta til med sitka eller buskfuru, samtidig som svak beiting fører til gjengroing. Dette er eit av dei få områda med noko opphaveleg preg.</p>						
Nøkkelement						
Sørvendte lier med purpurlyng						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Purpurlyng <i>Erica cinerea</i> Flekkmarihand <i>Dactylorhiza maculata</i> Pors <i>Myrica gale</i>						
Einer <i>Juniperus communis</i> Klokkelyng <i>Erica tetralix</i>						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Bør beites i større grad enn i dag for å unngå den tiltakande gjengroinga.						
Grunngjeving og prioritet						
Er eit av dei få områda rundt Eldsfjellet som vert beita og der gjengroinga ikkje har kome så langt. Ganske høgt innslag av purpurlyng gjer at denne lokaliteten vert vurdert som viktig.						
Avgrensing						
Ligg i mellom Sætrevika og Husebøvatnet, men er vanskeleg å avgrensa utan temakart.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	28.06.2002		

Storaska




Lokalitet nr.	125	Namn	Storaska	UTM (Euref89)	Aust Nord	0293367 6714103
Hovudnaturtype	Kulturlandskap			Kartblad (M711)	1116-II	
Undertype	Store gamle trær					
Prioritet	Lokalt viktig (C)			Vegetasjonstype	-	
Områdeskildring						
Det store asketreet står i eit kulturlandskap ned mot Naustvika ved Frekhaug. Det er det største tuntreet som er registrert i Nordhordaland til no, med ein omkrins på 4,84 m og sannsynleg alder av 140 år (Åsgård 2002).						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
-						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Eigaren pleier treet med omsorg, og trepleiere har behandla treet. Slik forsiktig pleie verkar som ein god m̄fte og halde treet ved like.						
Grunngjeving og prioritet						
Treet er for ungt og friskt til at det har fått utvikla noko særskild epifytt-flora, men er ein kuriositet med estetisk verdi, som kan få større biologisk verdi over tid. Det kan reknast som lokalt viktig i naturtype-samanheng (C).						
Avgrensing						
Omkrinsen av treet si krone.						
Referansar						
Skriftlege: Åsgård, V. 2002. Ein ask har tatt innersvingen på bøketrete-ein avisartikkel. Strilen: Onsdag 26. juni.						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	22.08.2002	

Ypsøy Gard




Lokalitet nr.	129	Namn	Ypsøy Gard	UTM (Euref89)	Aust Nord	0281118 6719766
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Slåtteenger					
Prioritet	Lokalt viktig (C)		Vegetasjonstype	G4b Jordnøtt-utf.		
Områdeskildring						
<p>Eit område med ein del gamle slåtteenger, mellom anna utformingar av jordnøtteng. Det er mykje mosar i botnsjiktet, og dårlege vilkår for artar som krev ope jord og god lystilgang for spiring. Enga er artsfattig i dagens tilstand. Engene har ikkje vore kontinuerleg skjøtta og er i gjengroingstadiet. No har grunneigar Vagleik Ypsøy har tatt initiativ til å utføre skjøtselsforsøk i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, der ein skal teste ut både slått, beiting og gjødsling. Fastruter er etablert og vegetasjonsanalysar og forsøk vert sett i gang i 2003. Andre deler av enga vert i dag slått, utan tilførsel av kunstgjødsel.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Firkantperikum <i>Hypericum maculatum</i>		Myrflol <i>Viola palustris</i>		Englodnegras <i>Holcus lanatus</i>		
Tepperot <i>Potentilla erecta</i>		Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>		Sølvbunke <i>Deschampsia cespitosa</i>		
Engsmelle <i>Silene vulgaris</i>		Engkvein <i>Agrostis capillaris</i>		Smårapp <i>Poa pratensis</i>		
Engsyre <i>Rumex acetosa</i>		Raudsvingel <i>Festuca rubra</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
-						
Aktuelle skjøtselstiltak						
<p>Den tradisjonelle skjøtselen var ofte ein blanding av beiting (vår og haust med raking) og slått (juli-august), og er moglegvis den beste måten å behalde artsmangfaldet på. Visar elles til skjøtselsforsøk.</p>						
Grunngjeving og prioritet						
Området kan bli meir viktig på sikt, men vert foreløpig vurdert som lokalt viktig (C), sidan det ikkje er intakt.						
Avgrensing						
Ligg rundt hovudhuset på Ypsøy gard, og avgrensinga følger stort sett markslagsgrensene, der engfragmenta ligg imellom berg og skog/kratt.						
Referansar						
Munnlege: Vagleik Ypsøy 2002						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	19.08.2002	

Hjertåsstøa II




Lokalitet nr.	130	Namn	Hjertåsstøa II	UTM (Euref89)	Aust Nord	2887290 6716502
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Hagemark					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	-		
Områdeskildring						
Lita hagemark i sørvendt li ned mot sjøen ved Hjertåsstøa. Ligg i eit fint kulturlandskap, der store delar er ekstensivt drive.						
Tresjiktet er dominert av hassel, eik og bjørk, medan feltsjiktet er glissent, med ein god del urter. Mosedekket er ganske dominerande noko som både kan kome av litt svak beiting eller sterk beiting.						
Denne lokaliteten vert beita, men ikkje gjødsla (Kari Stople, pers.medd. 2002).						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Somareik <i>Quercus robur</i>		Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>		Engkvein <i>Agrostis capillaris</i>		
Hassel <i>Corylus avellana</i>		Lækjeveronika <i>Veronica officinalis</i>		Sølvbunke <i>Deschampsia cespitosa</i>		
Tepperot <i>Potentilla erecta</i>		Markjordbær <i>Fragaria vesca</i>		Raudkløver <i>Trifolium pratense</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Bør ryddast meir gjennom oppslag av einer og bjørk, fristille store edellauvtre.						
Grunngjeving og prioritet						
Alle slike hagemarker med ei viss hevd er viktige i naturtypekartlegging. Samstundes ligg den i eit område med mange verdiar som kulturlandskap, og denne heilskapen gjer at den vert vurdert som viktig..						
Avgrensing						
Ligg under busetnaden ved gamlevegen. Både i nord og sør er det skråningar som avgrensar området.						
Referansar						
Munnlege: Kari Stople 2002						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	21.08.2002	



Lokalitet nr.	131	Namn	Under Sakstadnuten	UTM (Euref89)	Aust Nord	0291670 6717110
Hovudnaturtype	Kulturlandskap		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Naturbeitemark					
Prioritet	Lokalt viktig (C).		Vegetasjonstype	G4b Jordnøtt-utf.		
Områdeskildring						
<p>Ei samling med små relativt tørre engfragment av jornøtt-utforminga i ei sørvendt li mellom Sakstadnuten og Ytre Sakstad. Lokaliteten er omkransa av berg og skogpartier dominert av hassel og rogn, samt førekomstar av einer. Fragmenta ligg i tilknytning til ein gamal veg.</p> <p>I nærleiken er det restaurert ein del utmarksbeiter som vert meir intensivt nytta.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Engsyre <i>Rumex acetosa</i>	Kystmaure <i>Galium saxatile</i>	Slåttestorr <i>Carex nigra</i>				
Engsoleie <i>Ranunculus acris</i>	Tviskjeggveronika <i>Veronica chamaedrys</i>	Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>				
Kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i>	Smalkjempe <i>Plantago lanceolata</i>	Knappsiv <i>Juncus conglomeratus</i>				
Tepperot <i>Potentilla erecta</i>	Ryllik <i>Achillea millefolium</i>	Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konfliktrar						
Gjengroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Bør beitast hardare, eller slås seint på sommaren. Lokaliteten må ikkje gjødslast.						
Grunngjeving og prioritet						
Fragmenta er små, og skjøtselen verkar å vera noko ustabil. Den har også eit noko fattig og trivielt artsinventar. Lokaliteten vert difor vurdert som lokalt viktig.						
Avgrensing						
Tydeleg avgrensing mellom skog og eng.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	22.08.2002		


E. Ferskvatn/Våtmark

Omfattar område med opent ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar og innsjøområde. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drivne jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokalitetar har i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmaal er m.a. drenering, gjenfylling, bekkelukking og bekkeutretting og forureining. Førekomsten av denne naturtypen speglar som mange av dei andre hovudtypane Meland sin topografi og plassering. Nokre undertypar er sterkt representert medan andre er heilt fråverande mellom anna fordi ein ikkje har eit stort bakland, fjell, kalkrike område o.l. Større elver og fossar er fråverande, men det er ein god del vatn og småbekkar. Sistnemnte er ofte rike på vegetasjon og næring, med høg biologisk produksjon. I tillegg er det registrert ein del fisketomme tjørn og nokre dammar. Desse kan ha stor verdi for biologisk mangfald sjølv om desse lokalitetane ikkje er undersøkt i denne kartlegginga. Tidlegare har det vore registrert salamander i fisketomme tjørn på Meland (pers. medd. Kjetil Christensen), og dei registrerte lokalitetane kan vera aktuelle lokalitetar ved ein eventuell reintroduksjon.



Lokalitet nr.	32	Namn	Eikelandsvatnet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0283440 6719119
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Rike kulturlandskapssjøer					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	P2b Nøkkerose-utf. O5c Dunkjevle-utf. O3 Elvesnelle-starr-sump		
Områdeskildring						
<p>Lokaliteten ligg i den vestre deler av vatnet. Vatnet er delvis rikt med belter av frodig vegetasjon med flytebladsplanter ytterst og snelle/starr-belte lenger inne. Noregs nordlegaste bestand av smal dunkjevle (<i>Typha angustifolia</i>) finn vi i denne vestre bukta.</p> <p>Området har relativ høg biologisk produksjon og kan vera viktig under fugletrekket, men ingen særskilde ornitologiske kvalitetar er likevel registrerte (Braanaas & Amundsen 1975).</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Smal dunkjevle <i>Typha angustifolia</i>		Myrhatt <i>Potentilla palustris</i>		Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i>		
Kvit nykkerose <i>Nymphaea alba</i>		Gulldusk <i>Lysimachia thyrsoflora</i>		Flaskestorr <i>Carex rostrata</i>		
Gul nykkerose <i>Nuphar lutea</i>						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
-						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Funnet av smal dunkjevle gjer området i seg sjølv til ein viktig lokalitet (B).						
Avgrensing						
Lokaliteten omfattar omlag halvparten av vatnet (vestre del) inkludert kantsonane som utgjer ei viktig buffersone.						
Referansar						
Braanaas, A. & Amundsen, T. 1975. Våtmarksundersøkelsen i Hordaland. (mangler tilstrekkelig info om rapport)						
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun			Dato	21.08.2002	


Brakstadvatnet



Lokalitet nr.	39	Namn	Brakstadvatnet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0288174 6718055
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Rike kulturlandskapssjøer					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	P2b Nøkkerose-utf., O3a Elvesnelle-utf., O3b,O5e Piggknopp-utf., G12		
Områdeskildring						
<p>Dette rike vatnet ligg i tilknytning til hovudveg og innmark. Sjølve vatnet har liten siktedjupn. Kantvegetasjonen er dels dominert bjørk og svartor, nokre stader med tendens til forsumping. Mest typisk er likevel den opne vasskantvegetasjonen som syner tydeleg sonering: Frå ytterst til innerst finn vi gul nøkkerose, elvesnelle, gulldusk, flaskestorr, sumpsivaks, sverdlilje, kjempepiggnopp og strandrøyr. I nokre områder på sørsida finn ein tendens til fukteng (likevel for liten for eigen registrering) i tilknytning til beitemarka med t.d hanekam, bekkeblom, grøftesoleie og myrmaure.</p> <p>Lokaliteten innehar også ein viktig funksjon som hekkeområde for fugl (Fylkesmannen 2002).</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterarter (karplanter)						
Bekkeblom	<i>Caltha palustris</i>	Strandrøyr	<i>Phalaris arundinacea</i>	Myrmaure	<i>Galium palustre</i>	
Elvesnelle	<i>Equisetum fluviatile</i>	Gulldusk	<i>Lysimachia thyrsoiflora</i>	Gul nykkeros	<i>Nuphar lutea</i>	
Flaskestorr	<i>Carex rostrata</i>	Sumpsivaks	<i>Eleocharis palustris</i>	Sverdlilje	<i>Iris pseudacorus</i>	
Grøftesoleie	<i>Ranunculus flammula</i>	Kjempepiggnopp	<i>Sparganium erectum</i>	Hanekam	<i>Lychnis flos-cuculi</i>	
Andre indikatorarter						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikter						
Overgjødsling						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Lokaliteten er relativt artsrik, og har høg biologisk produksjon utan at for mykje av dette verkar å kome frå overgjødsling i omlandet. Vatnet er typisk, med godt utvikla soneringar, og legg grunnlaget for at den vert vurdert som viktig.						
Avgrensing						
Vatnet med buffersone, sjå kart.						
Referansar						
Fylkesmannen i Hordaland 2002. Registreringar for Meland kommune i Naturbasen/EDNA.						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	22.08.2002	


Mjåtveitelva (øvre del)

40




Lokalitet nr.	61	Namn	Mjåtveitelva (øvre del)	UTM (Euref89)	Aust Nord	0293200 6714800
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Viktige bekkedrag					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype			
Områdeskildring						
Området strekker seg frå sumpskogen (lokalitet 60) ved hovudvegen og opptil Dalevatnet. Utgjer ein relativ smal sone av varierende kvalitet, men med stor viktighet i økologisk samanheng både som spreings- og habitatkorridor.						
Området har delvis ei godt utvikla kantsone av svartor, ask og osp. Andre stader er denne delvis erstatta av granplantingar eller heilt fjerna, som i jordbrukslandskapet frå Mjåtveit til Dalevatnet .						
Undervegetasjonen er prega av høgstauder og næringselskande artar, og nokre stader er det tendens til forsumping.						
Kvaliteten på vatnet er diverre av varierende kvalitet grunna utslepp frå landbruket.						
Område er også mykje nytta til friluftaktivitetar.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Ask <i>Fraxinus excelsior</i>		Bekkeblom <i>Caltha palustris</i>		Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i>		
Osp <i>Populus tremula</i>		Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>		Sumpkarse <i>Cardamine pratensis</i>		
Svartor <i>Alnus glutinosa</i>		Sverdlilje <i>Iris pseudocaris</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Jordbruksdrift og forureining frå jordbruket. Nedanfor Mjåtveit er det også bygd ein veg langs elva.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Naturleg kantvegetasjon bør få utvikla seg, dette gjeld spesielt i kulturlandskapet. I dei områda der det er planta inn gran bør ein ved avvirkning ta omsyn til naturlege kantsoner. I framtida bør kantsonene vera minst 10 meter breie.						
Grunngjeving og prioritet						
Alle lokalitetar i intensivt drive jordbrukslandskap vert rekna som viktig.						
Avgrensing						
Elva med ei kantsone som varierer i breidde opptil 20 meter på kvar side.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	28.05.2002	

Skogsvatnet




Lokalitet nr.	83	Namn	Skogsvatnet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0290600 6721500
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Rike kulturlandskapssjøer		Vegetasjonstype	-		
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
Vegetasjonsrikt tjørn som ligg godt verna i skogen. Randsona rundt er prega av svartor og varmekjær skog. Ligg i den forelenga aksen av to andre lokalitetar (ei strandsump og ein svartorsump) og er viktig i ein landskapøkologisk samanheng., og det er i tillegg ein rik fuglebiotop (Kurt Gaustad pers medd 2002, Kjetil Christensen pers. medd 2002). Det vert difor anbefalt å kartleggje denne lokaliteten betre i samanheng med viltkartlegging.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>		Gul nykkerose <i>Nuphar lutea</i>		Gulldusk <i>Lysimachia thyrsoflora</i>		
Kvit nykkerose <i>Nymphaea alba</i>		Svartor <i>Alnus glutinosa</i>		Sverdlilje <i>Iris pseudacorus</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ta godt vare på kantsonene mot vatnet (minimalt 20 meter).						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Foreløpig vert lokaliteten vurdert som lokalt viktig (C), men kan oppgraderast etter viltkartlegging						
Avgrensing						
Sjølve vatnet samt sona med vegetasjon langs vatnet						
Referansar						
Munnlege: Kjetil Christensen (Planansvarleg Meland kommune), Kurt Gaustad (Grunneigar).						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	22.08.2002	



Lokalitet nr.	104	Namn	Dalevatnet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0291283 6716712
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Rike kulturlandskapssjøer		Vegetasjonstype	O2 Ferskvann-driftvoll, O3g Gras-utf., O5e Piggknopp-utf.		
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
Eutroft vatn i kulturlandskapet ved Dale. Har ein ganske tydeleg sonering av flaskestarr, elvesnelle og strandrøyr, samt flytebladsplanter langs kantane.						
Sannsynlegvis mykje tilriking frå omkringliggjande landbruksområder. Noko dumping av avfall i vatnet.						
Vatnet er rikt på fisk, men det er forholdsvis mykje småfisk og fisken har mykje parasittar (pers. medd. Kjetil Christensen).						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>		Gul nykkerose <i>Nuphar lutea</i>		Gulldusk <i>Lysimachia thyrsoflora</i>		
Kvit nykkerose <i>Nymphaea alba</i>		Bekkeblom <i>Caltha palustris</i>		Tjønnaks <i>Potamogeton natans</i>		
Sverdlilje <i>Iris pseudacorus</i>		Flaskestorr <i>Carex rostrata</i>		Strandrøyr <i>Phalaris arundinacea</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Avrenning frå omkringliggjande landbruksområder. Dumping av avfall i strandsona.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Minske avrenning frå landbruket						
Grunngjeving og prioritet						
Tilrikinga frå omkringliggjande område er sannsynlegvis med på å gjera at sonering og artsriktigdom ikkje er like typisk som t.d. Brakstadvatnet. Lokaliteten vert difor vurdert som lokalt viktig.						
Avgrensing						
Sjølve vatnet samt sona med vegetasjon langs vatnet						
Referansar						
Munnlege: Kjetil Christensen (Planansvarleg Meland kommune)						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	28.05.2002		

Hagardstjørna




Lokalitet nr.	134	Namn	Hagardstjørna	UTM (Euref89)	Aust Nord	0282000 6722500
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Naturlig fisketomme innsjøer og tjern					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	-		
Områdeskildring						
Stort fisketomt tjørn sørvest for Eldsfjellet lokalisert i eit lyngheilandskap. Det er gjennomført planktontrekk i vatnet, men desse er enno ikkje analysert grunna ressurstillhøve. Det er grunn til å tru at dei fisketomme vatna i Meland kan ha særskild botnfauna/planktonsamensetning med eit stort innslag av vestlege artar (pers. medd. Kjetil Christensen,).						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Naturtypen vert ikkje kartlagt på grunnlag av vegetasjon.						
Andre indikatorartar						
Sjå planktonprøver						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Vatnet er stort og ligg i låglandet, har difor eit stort potensial for biologisk mangfold. Det vert difor vurdert som viktig (B).						
Avgrensing						
Vatn med buffersone						
Referansar						
Munnlege: Kjetil Christensen (Planansvarleg i Meland kommune)						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	22.08.2002		

Mjåtveittjørna




Lokalitet nr.	135	Namn	Mjåtveittjørna	UTM (Euref89)	Aust Nord	0292800 6714500
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Naturlig fisketomme innsjøer og tjern					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	-		
Områdeskildring						
Eit lite fisketomt vatn i tettbebygd strøk.						
Det er grunn til å tru at dei fisketomme vatna i Meland kan ha særskild botnfauna/planktonsamensetning med eit stort innslag av vestlege artar (pers. medd. Kjetil Christensen).						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Naturtypen vert ikkje kartlagt på grunnlag av vegetasjon.						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konfliktrar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Sidan tjørnet ligg i eit pressområde vert lokaliteten vurdert som viktig (B), men bør undersøkjast betre.						
Avgrensing						
Vatn med buffersone						
Referansar						
Munnlege: Kjetil Christensen (Planansvarleg i Meland kommune)						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	22.08.2002		

Langelandstjørna



Lokalitet nr.	136	Namn	Langelandstjørna	UTM (Euref89)	Aust Nord	0293500 6715200
Hovudnaturtype	Ferskvann/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Dammer		Vegetasjonstype	-		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
To dammer i randsona av kulturlandskapet ved Langeland. Tjørna er sannsynlegvis frå midten av 1900-talet. Den vart tidlegare nytta som drikkevasskjelder og vatn for meieriet, men er no ikkje i bruk (pers.medd. Arnt Brakstad).						
Slike dammer kan inneha særskilde biologiske kvalitetar, men vatnet er undersøkt for forekomst av salamander utan resultat. Dammen er sannsynlegvis stabil.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
-						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Sjølv om det ikkje er gjort særskilde funn er alle intakte og stabile dammer i kulturlandskapet rekna som viktige.						
Avgrensing						
Begge dammer samt området rundt, t.d. kantsonar, bør vernast mot inngrep.						
Referansar						
Munnlege: Arnt Brakstad 2002						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	22.08.2002		

Dam ovanfor Litlebergen



Lokalitet nr.	137	Namn	Dam ovanfor Litlebergen	UTM (Euref89)	Aust Nord	0293600 6717200
Hovudnaturtype	Ferskvatn/ våtmark		Kartblad (M711)	1116-II		
Undertype	Dammar		Vegetasjonstype	-		
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
Ein liten dam i skogen over Litlebergen. Dammen vart tidlegare nytta i samband med mølle/fabrikkdrift, og er relativt gammal (Arnt Brakstad, pers.medd.).						
Det er ikkje gjort særskilde registreringar for lokaliteten, men den bør undersøkjast nærare ved eit seinare høve. Slike dammar kan ha store biologiske kvalitetar.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Denne naturtypen vert ikkje registert på grunnlag av botaniske kvalitetar.						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Sjølv om slike dammar, som er fisketomme, kan ha særskilde biologiske kvalitetar, er det ikkje registrert noko for denne lokaliteten. Den ligg heller ikkje i kulturlandskap, men i skog, og vert difor vurdert som lokalt viktig (C).						
Avgrensing						
Dam med buffersone						
Referansar						
Munnlege: Arnt Brakstad 2002						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	22.08.2002		


F. Skog

Skog omfattar alle område der tre er dominerande (i denne kartlegginga er det òg nokre tresette område omtala under kulturlandskap). Etter fjell er skog den vanlegaste naturtypen i Noreg. Ca. 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet på landsbasis er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi og dannar dermed svært mange ulike leveområde med om lag 22000 artar i Noreg. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet er tilknytt skog. Også svært mange raudlisteartar er knytt til dette økosystemet og artsrike grupper som insekt og sopp utgjer dei langt fleste (høvesvis 44% og 41%).

Skogen er saman med kulturlandskapet den naturtypen som dekker størst areal i Meland. Eldre skog er likevel veldig sjeldan. I første rekke kjem det av at det i nyare tid berre er dei siste 100 åra at skog har vore dominerande på øya, grunna hard utnytting og jordbruket sin dominans på kysten. Veldig gamal skog og det ein tenkjer på som urskog vil ein difor ikkje finna i Meland. Ein har likevel lokalitetar som er naturleg forynga (naturskog) som er av ein slik karakter og alder at den på lengre sikt vil kunne få nye og viktige biologiske kvalitetar. Dette gjeld både furuskog og edellauvskog, sjølv om mange av lokalitetane er små og sterkt redusert i forhold til det ein vil kunne kalle ein naturleg situasjon. Mange av lokalitetane representerer vegetasjonstypar som er sjeldne og truga (sjå Fremstad & Moen 2001), dette gjeld spesielt dei rike edellauv- og sumpskogane.

Nordvest av Liavatnet

48



Lokalitet nr.	13	Namn	Nordvest av Livatn	UTM (Euref89)	Aust Nord	0284903 6723388
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-III			
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype	D1d Blåbær-hasselkratt D2c Rike kyst-hasselkratt			
Prioritet	Viktig (B)					

Områdeskildring
 Ein fattig til intermediær hasselkratt utforming i sørvendt helling mot Liavatnet. Er også delvis dominert av svartor med innslag av eik, osp, furu, rogn og noko lind. Mykje blokkmark med kransmosar og etasjehusmose, men også rikare sig og flate partier med andre trearter. Også fragment av fattig svartorsump og små bekkekløfter. Sjølv om det er ein blanding av mange typar edellauvskog er det valt å klassifisere den som hasselskog sidan den dominerer totalt sett. Dei ulike områda er stort sett artsfattig, men totalt sett er artsrikdommen stor, og det er ein del innslag av meir krevjande artar. Lokaliteten er tatt med i registreringar av verneverdige hasselkratt i Ytre Hordaland (Øvstedal & Sæthre 1988)

Nøkkelement
 Gamle daude ståande tre

Registrerte raudlisteartar
 -

Registrerte karakterartar (karplanter)

Furu <i>Pinus sylvestris</i>	Fugletelg <i>Gymnocarpium dryopteris</i>	Trollhegg <i>Frangula alnus</i>
Osp <i>Populus tremula</i>	Hengjeveng <i>Phegopteris connectilis</i>	Myrfiol <i>Viola palustris</i>
Svartor <i>Alnus glutinosa</i>	Sisselrot <i>Polypodium vulgare</i>	Skogfiol <i>Viola riviniana</i>
Sommareik <i>Quercus robur</i>	Kratthumleblom <i>Geum urbanum</i>	Trollurt <i>Circaea alpina</i>
Rogn <i>Sorbus aucuparia</i>	Tågbær <i>Rubus saxatilis</i>	Sanikel <i>Sanicula europaea</i>
Hegg <i>Prunus padus</i>	Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>	Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>
Skogstjerne <i>Trientalis europaea</i>	Steinstorkenebb <i>Geranium columbinum</i>	Perlevintergrøn <i>Pyrola minor</i>
Krossved <i>Viburnum opulus</i>	Bleikstorr <i>Carex pallescens</i>	Kusymre <i>Primula vulgaris</i>
Ramslauk <i>Allium ursinum</i>	Myske <i>Galium odoratum</i>	Brunrot <i>Scrophularia nodosa</i>
Hengjeaks <i>Melica nutans</i>	Skogsalat <i>Mycelis muralis</i>	Maiblom <i>Maianthemum bifolium</i>

Andre indikatorartar
 -

Aktuelle trugsmål og konflikhtar
 Ingen kjente, men skogbruksdrift kan vera ein potensiell fare i området.

Aktuelle skjøtselstiltak
 -


Grunngjeving og prioritet
 Området vart allereie i 1988 vurdert som verneverdig. Alle lokalitetar av rike edellauvskog vert rekna som viktige.

Avgrensing
 Følgjer stort sett markslagsgrensa imot fattig furuskog, men bruk av naturtypekart er fordel for nøyaktig avgrensing.

Referansar
 Skriftlege: Øvstedal, D.O. & Sæthre H. Å. 1988. Hasselskogar i ytre Hordaland. Verneverdige område. Arboha, Universitetet i Bergen: 14-15


Registrert av Sissel Hauge Mykletun/Stein Joar Hegland **Dato** 23.08.2001/15.07.2002

Hamnekleiva




Lokalitet nr.	20	Namn	Hamnekleiva	UTM (Euref89)	Aust Nord	0283923 6720924
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-III			
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype	D4 Alm-lindeskog E4 Rik sumpskog			
Prioritet	Svært viktig (A)					
Områdeskildring						
<p>Smal stripe med edellauvskog inntil sørvendt bergvegg, langs veg/ i eit vegkryss, og til dels over ein vegskjering. Dominert av alm, men noko innslag av ask, hassel, lind og eik. Feltsjiktet er artsrikt og stort sett dominert av næringskrevjande artar. Nærast vegen ein bekk med litt forsumping og innslag av svartor. Lenger oppover vegen, i retning Åsebø, blir skogen noko fattigare og tørrare, med dominans av osp, hassel og eik. Den einaste almeskogen i Meland.</p>						
Nøkkelement						
Bergvegg. Noko daud ved.						
Registrerte raudlisteartar						
Randprikklav <i>Pseudocypbellaria intricata</i> (V) kystblåfiltlav <i>Degelia atlantica</i> (DC)						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Murburkne <i>Asplenium ruta-muraria</i>	Svartor <i>Alnus glutinosa</i>	Hengjeaks <i>Melica nutans</i>				
Svartburkne <i>Asplenium trichomanes</i>	Alm <i>Ulmus glabra</i>	Skogstorkenebb <i>Geranium sylvaticum</i>				
Vårkål <i>Ranunculus ficaria</i>	Lind <i>Tilia cordata</i>	Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>				
Kvitsymre <i>Anemone nemorosa</i>	Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>	Sløke <i>Angelica sylvestris</i>				
Enghumleblom <i>Geum rivale</i>	Liljekonvall <i>Convallaria majalis</i>	Skogsvinerot <i>Stachys sylvatica</i>				
Kratthumleblom <i>Geum urbanum</i>						
Andre indikatorartar						
Lungenever <i>Lobaria pulmonaria</i>						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen konkrete						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Frede og sørgje for gode mulegheiter for utviding i nordleg retning.						
Grunngjeving og prioritet						
Lokaliteten har kjente funn av fleire raudlisteartar og ifrå 2001 (Lavdatabasen) og er Meland sin einaste almeskog, og vert difor vurdert som svært viktig, trass i at den er relativt liten.						
Avgrensing						
Mot veg i sør og mot innmark/hagemark i nord.						
Referansar						
Lavdatabasen: www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/lav/soklavhb.htm ,Search by 'Labels' og 'Meland'.						
Registrert av	Stein Joar Hegland/Sissel Hauge Mykletun		Dato	29.05.2002 /22.08.2001		

Skintveitfjellet




Lokalitet nr.	24	Namn	Skintveitfjellet	UTM (Euref89)	Aust Nord	0284761 6720068
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-III			
Undertype	Gammel edellauvskog	Vegetasjonstype	D1a Blåbær-eikeskog D1d Blåbær-hasselkratt			
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Lokaliteten ligg rett over Skintveit.						
Ganske gammal, men liten edellauvskog av eik med noko innslag av hasselkratt. Dette er ein fattig utforming av blåbærtypen med mest trivielle artar i feltsjiktet, medan kystkransmose dominerer botnsjiktet.						
Skogen er svakt beitepåverka, og lokaliteten synes å ha bra kontinuitet.						
I 1988 vart det gjort eit funn av den sjeldne grå trompetsoppen (Fylkesmannen 2002).						
Nøkkelement						
Det fins noko daud ved og gamle murar i bestandet.						
Registrerte raudlisteartar						
Grå trompetsopp <i>Pseudocraterellus undulatus</i> (DC-hensynskrevjande)						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>		Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>		Gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>		
Kvitsymre <i>Anemona nemorosa</i>		Engkvein <i>Agrostis capillaris</i>		Blåbær <i>Vaccinium myrtillus</i>		
Geitsvingel <i>Festuca vivipare</i>		Engrapp <i>Poa pratensis</i>		Englodnegras <i>Holcus lanatus</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjente						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Alle lokalitetar av gamal edellauvskog er i utgangspunktet viktige. Denne vert ikkje rekna som særskild viktig grunna manglande storleik, samt manglande verifisering av raudlista soppartar i seinare tid.						
Avgrensing						
Grensene følgjer til dels markslagsgrensene, men naturtypekart bør rådførast.						
Referansar						
Fylkesmannen i Hordaland 2002. Registreringar for Meland kommune i Naturbasen/EDNA.						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	22.08.2002	

Brakstad Indre



Lokalitet nr.	40	Namn	Brakstad Indre	UTM (Euref89)	Aust Nord	0287702 6718143
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype	D4 Alm-lindeskog			
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Edellauvskog dominert av lind og eik i sørvendt bratt skråning med store blokker og noko bergvegg. Bestandet er delt på midten av ei høgspenlinje og ein del gran er planta inntil og til dels i sjølve bestandet. Moserikt botnsjikt med vanlege artar som etasjehusmose, kystkransmose, kystjammemose, sigdmose- og bjørnemoseartar. Feltsjiktet prega av trivielle artar.						
Nøkkelement						
Bergvegg						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Lind <i>Tilia cordata</i>		Hassel <i>Corylus avellana</i>		Vivendel <i>Lonicera periclymenum</i>		
Somareik <i>Quercus robur</i>		Alm <i>Ulmus glabra</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Gjengroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Skogen er delvis fragmentert av ei høgspenlinje, samstundes som gran er planta tett opptil. Ein bør vurderer å fjerna grana for å betra mulegheitene for forynging av edellauvartar.						
Grunngjeving og prioritet						
Alle lokalitetar av rik edellauvskog er viktige. Dette er ein av dei få lokalitetane i Meland med delvis dominans av lind som samtidig syner forynging.						
Avgrensing						
Mot hager på sørsida, og mot fattigare skogvegetasjon oppover i lia.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	26.06.2002	

Sognevika



Lokalitet nr.	54	Namn	Sognevika	UTM (Euref89)	Aust Nord	0291856 6714147
Hovudnaturtype	Skog			Kartblad (M711)	1116-II	
Undertype	Urskog/gammelskog			Vegetasjonstype	A4 Blåbærskog	
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
Fleirsjiktet naturfuruskog av relativ ung alder på blåbærmark, som ligg i ei skråning mot sjøen. Mest trivielle artar i feltsjiktet og kystkransmose i botnsjiktet, men spreidde førekomstar av unge kristtorn vart observert nær Dalstø. Har ein god del vindfall og ståande daud ved. Kan vera ein viktig spettelokalitet. Ein av dei få gjenverande furulokalitetane på betre bonitet av ein viss storleik.						
Nøkkelement						
Daud ved						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Kristtorn <i>Ilex aquifolium</i>		Furu <i>Pinus sylvestris</i>		Kvitsymre <i>Anemona nemorosa</i>		
Blåbær <i>Vaccinium myrtillus</i>		Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>		Myrviol <i>Viola palustris</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Utbygging. Hogst						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Frede						
Grunngjeving og prioritet						
Er først og fremst eit restaureringsobjekt av lokal verdi, sidan furuskogen er sterkt redusert på Meland. Samstundes er lokaliteten sannsynlegvis truga av utbygging.						
Avgrensing						
Mot sjøen i sør, havnehage i nord, bustader i vest, og fattig furuskog i aust.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	29.05.2002	


Mjåtveitelva (nedre del)

53




Lokalitet nr.	60	Namn	Mjåtveitelva (nedre del)	UTM (Euref89)	Aust Nord	0293142 6714672
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Rikere sumpskog	Vegetasjonstype	E4 Rik sumpskog D6b Svartor-ask-utf.			
Prioritet	Svært viktig (A)					
Områdeskildring						
Nedre delar av Mjåtveitelva som dominerast vekselvis av rik sumpskog av velvaksen svartor, og svartor-askeskog i dei brattare partia. Området er elles av varierende bredde og inkluderer kantsoner oppimot busetnad og innmark.						
Karplantene i feltsjiktet med dominans av høgstauder tyder på rik tilgang av næring og høg biologisk produksjon. I bekkeløftaktige deler dominerte mosar.						
Elva har forekomst av raudlistearten elvemusling, og sjøauren går opp i den nederste delen av elva.						
Elvemuslingbestanden består stort sett av eldre individ fordi dårleg vasskvalitet gjev liten overleving av juvenilar (K. Christensen, pers medd. 2002)						
Nedre delar av lokaliteten vert nytta mykje til ferdsl (PBL-friluftsområde) og det fins ein natursti.						
Nøkkelement						
Ein god del liggjande daud ved. Det fins også ein god del gamle murar og bruer rundt nedre delar av bekken.						
Registrerte raudlisteartar						
Elvemusling <i>Margaritifera margaritifera</i> (V)						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Skogburkne <i>Athyrium filix-femina</i>	Stornesle <i>Urtica dioica</i>	Strutsving <i>Matteuccia struthiopteris</i>				
Hengjeveng <i>Phegopteris connectilis</i>	Bekkeblom <i>Caltha palustris</i>	Sverdlilje <i>Iris pseudacorus</i>				
Sisselrot <i>Polypodium vulgare</i>	Sumpkarse <i>Cardamine pratensis</i>	Gran <i>Picea abies</i>				
Tepperot <i>Potentilla erecta</i>	Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i>	Svartor <i>Alnus glutinosa</i>				
Engsyre <i>Rumex acetosa</i>	Bringebær <i>Rubus idaeus</i>	Ask <i>Fraxinus excelsior</i>				
Kvitsymre <i>Anemone nemorosa</i>	Skogstorkenebb <i>Geranium sylvaticum</i>	Vrangdå <i>Galeopsis bifida</i>				
Firkantperikum <i>Hypericum maculatum</i>	Kvann <i>Angelica archangelica</i>	Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>				
Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>	Platanlønn <i>Acer pseudoplatanus</i>					
Andre indikatorartar						
Revemose <i>Thamnobryum alopecurum</i>						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Stor ferdsl						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Bør få stå mest muleg urørt. Særleg kantsonene bør tas godt vare på og restaurerast i område der desse er fjerna.						
Grunngjeving og prioritet						
Er karakterisert som svært viktig fordi svartorsumpar er sterkt truga (EN i Fremstad & Moen 2001) samt at lokaliteten har forekomst av raudlistearten elvemusling.						
Avgrensing						
Stort sett tydeleg mot anna type vegetasjon og busetnad. Den øvste delen av lokaliteten er ovanfor riksvegen og utafor friluftsområde. OBS! kantsoner må takast vare på.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland/Sissel Hauge Mykletun		Dato	27.05.2002/20.08.02		

Refskar-Åsen





Lokalitet nr.	87	Namn	Refskar - Åsen	UTM (Euref89)	Aust Nord	0289400 6722900
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype	D2c Rike kyst-hasselkratt			
Prioritet	Svært viktig (A)					
Områdeskildring						
Fragment av rike utformingar av hasselkratt og eikeskog i skråningar. Oppstykkja av innmark og fattigare små koller.						
Eik og hassel finn ein stort sett i skråningane som er rikare enn dei andre skogbevakste områda grunna fuktige sig.						
Botsjiktet er dominert av kransmosar og feltsjiktet er til dels fråverande, men nokon stader med liljekonvall og kantkonvall saman med meir trivielle artar som hengjeveng og gaukesyre. Lokaliteten er nemnd som interessant i registreringar for rike hassekratt (Øvstedal & Sæthre 1988) og har ein god del registreringar i lavdatabasen. (Lundberg & Blom 2001)						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
Praktlav <i>Cetrelia olivetorum</i> (DC)						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Falkbregne <i>Polystichum aculeatum</i>		Hengjeveng <i>Phegopteris connectilis</i>		Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>		
Fugletelg <i>Gymnocarpium dryopteris</i>		Kantkonvall <i>Polygonatum odoratum</i>		Liljekonvall <i>Convallaria majalis</i>		
Andre indikatorartar						
Lungenever <i>Lobaria pulmonaria</i>						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Forureing og jordbruksdrift						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Ein bør unngå spreing av gylle på trea i kantsona av innmarka (slik praksisen tydelegvis er idag). Rydding av unge granplanter i bestandet samt fjerning av noko eldre gran i randsonene kan vera andre aktuelle tiltak.						
Grunngjeving og prioritet						
Alle rike edellauvskogar vert rekna som viktige. Funn av særskilde artar gjer at lokaliteten vert prioritert som svært viktig.						
Avgrensing						
Avgrensinga av området er noko usikker, og inngrep i dette området bør gjerast med varsemd. Bruk kartet.						
Referansar						
Øvstedal, D.O. & Sæthre H. Å. 1988. Hasselskogar i ytre Hordaland. Verneverdige område. Arboha, Universitetet i Bergen: 14-15						
Lundberg, L & Blom, H.H. 2001 Lavdatabasen: www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/lav/soklavhb.htm , Search by 'Labels' og 'Meland'.						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	17.07.2002	

Gripakletten




55

Lokalitet nr.	93	Namn	Gripakletten	UTM (Euref89)	Aust Nord	0286800 6721200
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Urskog/gammelskog	Vegetasjonstype	A3 Røssl.-blokkeb.furuskog, A4a Blåbær-utf., A7c Blåtopp-utf.			
Prioritet	Svært viktig (A)					
Områdeskildring						
<p>Området er grundig inventert av Moe (2001), og kartfesting samt alle opplysningar er henta frå denne rapporten: Naturskog dominert av furu i røssl.-blokkebærskog og blåbærfuruskog, rundt og på den karakteristiske forhøgninga Gripakletten. Lokaliteten omfatter også dei ombotrofe myrpartia områda rundt Gripakletten. Lokaliteten ligg i eit forholdsvis lunt område med ein frodigheit som står i kontrast til dei elles fattige oseaniske heiene i ytre delar av Nordhordaland. Terrenget er svært kupert. Berggrunnen består av fattige anortositter på sørvestsida og meir næringsrik amfibolitt i nordaust. Dette skiljet ser ein tydeleg att på vegetasjonen. Det særskilde med området er den relativt opprinnelege karakter, men utan mykje daud ved som tyder på at alderen på bestanden neppe strekker seg over fleire tregenerasjonar. Det er særskilde artsfunn både for karplanter, lav og mosar i området.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterarter (karplanter)						
Svartburkne <i>Asplenium trichomanes</i>	Myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	Osp <i>Populus tremula</i>				
Sisselrot <i>Polypodium vulgare</i>	Kystmaure <i>Galium saxatile</i>	Hassel <i>Corylus avellana</i>				
Fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i>	Skjoldbærer <i>Scutellaria galericulata</i>	Rogn <i>Sorbus aucuparia</i>				
Skogfiol <i>Viola riviniana</i>	Gullris <i>Solidago virgaurea</i>	Furu <i>Pinus sylvestris</i>				
Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>	Maiblom <i>Maianthemum bifolium</i>	Bleikstorr <i>Carex pallescens</i>				
Nikkevintergrøn <i>Orthilia secunda</i>	Småtviblad <i>Listera cordata</i>	Bråtestorr <i>Carex pilulifera</i>				
Mjølbeær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	Knerot <i>Goodyera repens</i>	Stolpestorr <i>Carex nigra</i>				
Mannasøtgras <i>Glyceria fluitans</i>	Hengjeaks <i>Melica nutans</i>	Grønstorr <i>Carex demissa</i>				
Andre indikatorarter	Småhinnemose <i>Plagiochila punctata</i>		Lav: <i>Pertusaria multipuncta</i>		<i>Sphaerophorus melanocarpus</i>	
			<i>Pyrenula neglecta</i>			
Aktuelle trugsmål og konflikter						
Hogst sidan den ikkje vart inkludert i verneplanen.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Området bør få stå urørt, og dei einaste inngrepa i området bør vera for å fjerne granplantingar.						
Grunngjeving og prioritet						
Området er ein av dei få naturskogane av furu på bra bonitet på Meland og vert i rapporten til Bjørn Moe vurdert som meget verneverdig. Lokaliteten vart likevel ikkje inkludert i verneplanen for barskog, men vert i naturtypekartlegginga vurdert som svært viktig (A). Dette kjem av naturtypen både er sjeldan og karakteristisk samt at den inneheld særskilde artar. Den kan utvikla seg til å bli eit endå viktigare område for biologisk mangfald i framtida.						
Avgrensing						
Området rundt Gripakletten. Sjå kart.						
Referansar						
Moe, B. 2001. Inventering av verneverdig barskog i Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga rapport 02: 18 og 58-68.						
Registrert av	Stein Joar Hegland		Dato	22.08.2002		





Lokalitet nr.	116	Namn	Hopland	UTM (Euref89)	Aust Nord	0290332 6716621
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype	D2c Rike kyst-hasselkratt D2a Lavurt-eikeskog			
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Ein relativt rik sørvendt edellauvskog som består av ein del med hasselkratt og ein del eikeskog som er relativ ung.						
Hasselskogen er bratt og urete, med innslag av svartor, osp, bjørk og rogn. Feltsjiktet er sparsamt. Eikeskogen er meir engprega med mykje engkvein og storfrytle i feltsjiktet.						
Lokaliteten ligg i overgangen mellom skog og innmark.						
Nøkkelement						
Det fins nokre gamle murar.						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Hassel <i>Corylus avellana</i>	Bjørk <i>Betula pubescens</i>	Engkvein <i>Agrostis capillaris</i>				
Osp <i>Populus tremula</i>	Rogn <i>Sorbus aucuparia</i>	Storfrytle <i>Luzula sylvatica</i>				
Svartor <i>Alnus glutinosa</i>	Somareik <i>Quercus robur</i>	Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>				
		Kvitsymre <i>Anemone nemorosa</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Attgroing med gran.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Både hasselkratta og eikeskogen vert beita. Ein bør unngå spreing av gjødsel (samtaler med grunneigar indikerte at dette var tiltenkt i eikeskogen). Fjerne granplanter i øvre del av eikeskogen.						
Grunngjeving og prioritet						
Alle førekomstar av rik edellauvskog er viktige sjølv om denne ikkje inneheld særskilde artar.						
Avgrensing						
Avgrensinga er ganske tydeleg mot innmark og fattigare skogtypar.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland	Dato	28.05.2002			

Gaustadelva




Lokalitet nr.	121	Namn	Gaustadelva	UTM (Euref89)	Aust Nord	02898006 721000
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Gammel edellauskog	Vegetasjonstype	D1c Blåbær-svartorskog			
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Ein eldre edellauskog dominert av hassel og svartor, med nokre innslag av stor osp. Ligg som ein oase langs Gaustadelva i eit elles karrigt landskap. Landskapsøkologisk viktig som nøkkelbiotop.						
Feltsjiktet er typisk for blåbærskog med trivielle artar.						
Skogen har god tilgang på nøkkelement av daud ved, stort sett i ståande form, med ein del kjuker og mosar.						
Nøkkelement						
Daud ved						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Hassel <i>Corylus avellana</i>		Blåbær <i>Vaccinium myrtillus</i>		Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>		
Osp <i>Populus tremula</i>		Tågebær <i>Rubus saxatilis</i>		Hegjeveng <i>Phegopteris connectilis</i>		
Svartor <i>Alnus glutinosa</i>		Kvitsymre <i>Anemona nemorosa</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjende						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Alle lokalitetar av gamle edellauskogar vert rekna som viktige sidan dei er allment truga, sjeldne og samstundes generelt viktig for det biologiske mangfaldet.						
Avgrensing						
Følgjer skiftet i vegetasjon som er tydeleg.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	27.06.2002	

Svartorsump-Gaustad




Lokalitet nr.	126	Namn	Svartorsump-Gaustad	UTM (Euref89)	Aust Nord	0290570 6721512
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Gammel edellauvskog	Vegetasjonstype	E1b Svartor-utf.			
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
Fattig sumpskog av svartor. Relativt gamal og velutvikla. Intakt.						
Ligg i forlenginga av Evja, oppimot Skogsvatnet, med frodig bergvegg på vestsida av lokaliteten.						
Botsjiktet er dominert av torvmosar, bjørnemose og tujamose, medan feltsjiktet dels er dominert av gras eller blåbærlyng på tuene.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
ingen registreringar						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Ingen kjende						
Aktuelle skjøtselstiltak						
-						
Grunngjeving og prioritet						
Alle eldre edellauvskogar er viktige og sidan lokaliteten er intakt vert den vurdert som viktig.						
Avgrensing						
Klare grenser mot andre vegetasjonstypar.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	16.07.2002	



Lokalitet nr.	127	Namn	Hestdal	UTM (Euref89)	Aust Nord	0290152 6719355
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)	1116-II			
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype	D1 Blåbær-edellauvskog D4 Alm-lindeskog			
Prioritet	Lokalt viktig (C)					
Områdeskildring						
Edellauvskogsfragmenter i ei sørvendt og bratt li langs Hestdalen.						
Det er god tilgang på fuktigheit frå sigevatn.						
Lokaliteten har eit til dels rotete preg, med her og der inngrep i form av småhogstar, tilplanting av gran og forvilling av platanlønn.						
Veldig mange av dei edle lauvtree er representert og feltsjiktet er dominert av artar som indikerer relativt fattige utformingar som storfrytle og hengjeveng, samt meir krevjande artar som falkbregne og brunrot som indikerer rikare utformingar.						
Ein finn også fuktige bergveggjar med mykje moser og bregner.						
Nøkkelement						
Fuktige bergveggjar						
Registrerte raudlisteartar						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Skogburkne <i>Athyrium filix-femina</i>	Gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i>	Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>				
Falkbregne <i>Polystichum aculeatum</i>	Jordnøtt <i>Conopodium majus</i>	Storfrytle <i>Luzula sylvatica</i>				
Hengjeveng <i>Phegopteris connectilis</i>	Brunrot <i>Scrophularia nodosa</i>	Kratthumleblom <i>Geum urbanum</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Attgroing med framande treslag. Hogst.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Rydde gran og platanlønn.						
Grunngjeving og prioritet						
Naturtypen er sjeldan på Meland, men lokaliteten er ikkje intakt og heller ikkje særleg gamal. Den vert difor vurdert som lokalt viktig (C).						
Avgrensing						
På nedsida mot innmark, elles ligg heile lokaliteten i ei helling.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	17.07.2002	

Landsvik



Lokalitet nr.	132	Namn	Landsvik	UTM (Euref89)	Aust Nord	0284502 6724766
Hovudnaturtype	Skog	Kartblad (M711)		1116-III		
Undertype	Rik edellauvskog	Vegetasjonstype		D2 Lavurt-edelløvskog D2c Rike kyst-hasselkratt		
Prioritet	Viktig (B)					
Områdeskildring						
<p>Ei lang stripe med edellauvskog langs ein sørvendt bergvegg. Her finn vi hasselkratt, unge askar og store eiker, både i tilknytning til bergveggen og beitemark. I områda rundt finn vi mange relativt store eiker. Lokaliteten kan karakteriserast som ein blanding av skog og hagemark, og den sistnemnte typen vil nok bli mest framtrødande ettersom dei planlagde skjøtselstiltaka med rydding av kratt og fristilling av store tre skrider fram. Melands største eik finn vi her. Det er eit høgt tostamma tre (høvesvis 3,0 og 2,25 cm i diameter). Feltsjiktet langs bergveggen er lite utvikla, og det er heller ikkje gjort spesielle funn langs bergveggen, men her vi finn vi ein del bregne. Dei opne partia er dominert av gras.</p>						
Nøkkelement						
Bergvegg og store eiker.						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Ask <i>Fraxinus excelsior</i>		Hassel <i>Corylus avellana</i>		Svartburkne <i>Asplenium trichomanes</i>		
Sommareik <i>Quercus robur</i>		Sisselrot <i>Polypodium vulgare</i>		Skjørlok <i>Cystopteris fragilis</i>		
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
-						
Aktuelle skjøtselstiltak						
I dette området er det planlagt å rydde ganske store områder til hagemark for beiting. Fristilling av store eiker er også påbegynt. Ryddinga bør konsentrerast om fjerning av bjørk, medan det langs bergveggen berre bør tynnast forsiktig.						
Grunngjeving og prioritet						
Alle lokalitetar av rik edellauvskog er viktige, og sjølv om lokaliteten er relativt liten er det lokalt sjeldan med såpass mange store eiketree i eit så lite område.						
Avgrensing						
Tresatt område. Sjå kart.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	22.08.2002	


Havstrand/Kyst (G)

Havstrand/kyst omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø og omfattar òg nokre område under vatn i svært grunne område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byr på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som er sjeldne. Slike område har veldig ofte stor betydning for fuglelivet både som matfat og hekkeområdar. Eit stort press på strandområda mange stader, gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste områda slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her.

I Meland kommune dominerer strandenger og –sumpar (om lag 10 lokalitetar) naturtypepane som er knytt til Havstrand/Kyst. Det har vore eit sterkt utbyggingspress, og dei to største og best utvikla lokalitetane (Leirvik og Skjelangerbukta) er delvis utbygd. Mange av dei andre lokalitetane ligg i område som kan tenkast å bli utbygd å det vert eit viktig arbeid å verne om desse. Nokre av lokalitetane er også truga av gjengroing grunna opphøyrte beite. På landsbasis er denne undertypen rekna som noko truga (Fremstad & Moen 2001).


Av dei andre undertypene knytt til kysten er berre sandstrand og strandberg representert med ein lokalitet kvar.

Skjellangerbukta




Lokalitet nr.	2	Namn	Skjellangerbukta	UTM (Euref89)	Aust Nord	0277800 6725300
Hovudnaturtype	Havstrand/Kyst	Kartblad (M711)		1116-III		
Undertype	Strandeng og strandsump	Vegetasjonstype		U5a Saltsiv-utf, U4a Fjøresaltgras-utf., U3d Strandstjerne-utf, U5b Rødsvingel-utf.		
Prioritet	Svært viktig (A)					
Områdeskildring						
Eit stort grunnvassområde med eit godt utvikla kompleks av strandenger på fint substrat rundt heile bukta. Fleire strandengtypar er representert og særleg fjøresaltgras-utforminga er fint utvikla (Lundberg 1992), men saltsiv-utforminga er den dominerande.						
Ein ny marina og massepåfylling i munningen av vika har ført til at eksponeringa sannsynlegvis er redusert. Vidare ulovleg utbygging av området vart stoppa av kommunen i 2000 (pers.medd. Kjetil Christensen). Dette er ei av dei største havstrendene på Meland.						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Strandnellik <i>Armeria maritima</i>		Strandkjempe <i>Plantago maritima</i>		Saltsiv <i>Juncus gerardii</i>		
Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i>		Myrtistel <i>Cirsium palustre</i>		Fjøresivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>		
Strandkryp <i>Galax maritima</i>		Fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>		Krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>		
Klengjemaure <i>Galium aparine</i>		Lyssiv <i>Juncus effusus</i>		Fjøresaltgras <i>Puccinellia maritima</i>		
Raudsvingel <i>Festuca rubra</i>						
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Masseutfylling og utbygging.						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Sidan den naturlege eksponeringa er redusert bør strandområdet overvakast for å kunne registrer ei eventuell gjengroing. Dersom gjengroinga held fram bør ein vurdere å beita sumpkomplekset svakt utanfor hekkesesongen.						
Grunngjeving og prioritet						
Trass i utbygginga i området representerer dette komplekset mange velutvikla utformingar som dekker relativt store områder. Den vert difor vurdert som svært viktig.						
Avgrensing						
Heile vika samt dei opne områda omkring.						
Referansar						
Skriftlege: Lundberg A. 1992. Havstrand i Hordaland - Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 02: 93-96						
Munnlege: Kjetil Christensen. Planansvarleg i Meland Kommune						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	17.07.2002	

Buhellervika




Lokalitet nr.	3	Namn	Buhellervika	UTM (Euref89)	Aust Nord	0280074 6724186
Hovudnaturtype	Havstrand/ kyst		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Strandeng og strandsump					
Prioritet	Lokalt viktig (C)		Vegetasjonstype	U9a Mjødurt-utf. V1c Tangmelde-utf.		
Områdeskildring						
<p>To gjengrodde og små strandenger i den relativt sterkt eksponerte Buhellervika. Strandenga ligg på grovt til fint substrat. Er relativt lite påverka av tidevatnet p.g.a. sterk helning, og er difor attgrodd. Det fins noko sonering frå eittårige tangvollar til ein svak utforminga av øvre salteng, men enga dominerast av mjødurtutforminga.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlistearter						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Krushøymole <i>Rumex crispus</i>		Skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i>		Klengjemaure <i>Galium aparine</i>		
Strandnellik <i>Armeria maritima</i>		Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i>		Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>		
Tangmelde <i>Atriplex prostrata</i>		Gåsemure <i>Potentilla anserina</i>		Strandstjerne <i>Aster tripolium</i>		
Saftstjerneblom <i>Stellaria crassifolia</i>		Steinnype <i>Rosa canina</i>		Myrtistel <i>Cirsium palustre</i>		
Vassarve <i>Stellaria media</i>		Strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i>		Fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>		
Kveke <i>Elymus repens</i>		Strandrug <i>Leymus arenarius</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Attgroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Kan vera restaureringsobjekt der noko sterkare beiting i kulturlandskapet rundt lokaliteten kan vera med å opne engene.						
Grunngjeving og prioritet						
Restaureringsobjekt. Er i noverande tilstand dårleg utvikla og kun av lokal verdi.						
Avgrensing						
Ei eng i nordvest og ei i aust som skil seg ut frå klippene elles i området.						
Referansar						
-						
Registrert av	Stein Joar Hegland			Dato	28.06.2002	



Lokalitet nr.	4	Namn	Sætrevika	UTM (Euref89)	Aust Nord	0280700 6724200
Hovudnaturtype	Havstrand/ kyst		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Strandeng og strandsump					
Prioritet	Viktig (B)		Vegetasjonstype	V2a Lavurt-utf., U3d Strandstjerne-utf., U5a Saltsiv- utf, U9a Mjødurt-utf.		
Områdeskildring						
<p>I vestre deler av Sætrevika fins det smale belter av strandenger på fint substrat langs heile strandlinja. Ytst finn ein ei saltsivutforming, etterfulgt av ei raudsvingelutforming. Lenger inn er det høgstaudeenger dominert av mjødurt og vendelrot (Lundberg 1992). Sannsynlegvis har enga tidlegare vore nytta til beiting, men syner no klare tendensar til attgroing.</p>						
Nøkkelement						
-						
Registrerte raudlisteartar						
-						
Registrerte karakterartar (karplanter)						
Strandnellik <i>Armeria maritima</i>		Strandrug <i>Leymus arenarius</i>		Vrangdå <i>Galeopsis bifida</i>		
Skjorbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i>		Tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i>		Strandkjempe <i>Plantago maritima</i>		
Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i>		Kvann <i>Angelica archangelica</i>		Vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>		
Gåsemure <i>Potentilla anserina</i>		Strandkryp <i>Glaux maritima</i>		Åkersvineblom <i>Senecio vulgaris</i>		
Sverdlilje <i>Iris pseudacorus</i>		Klengjemaure <i>Galium aparine</i>		Følblom <i>Leontodon autumnalis</i>		
Saltsiv <i>Juncus gerardii</i>		Fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>		Raudkløver <i>Trifolium pratense</i>		
Strandstjerne <i>Aster tripolium</i>		Engreverumpe <i>Alopecurus pratensis</i>				
Andre indikatorartar						
-						
Aktuelle trugsmål og konflikhtar						
Attgroing						
Aktuelle skjøtselstiltak						
Indre soner av stranda gror att med mjødurt og vendelrot, og forsiktig beite kan vera eit skjøtselstiltak, men bør samkøyrast med beite i området rundt lokaliteten (som i dag er slåttemark).						
Grunngjeving og prioritet						
Lokaliteten er relativt smal og vert i havstrandrapporten (Lundberg 1992) ikkje vurdert som særleg verneverdig, men den er likevel viktig (B).						
Avgrensing						
Smalt belte i vestre delar av bukta som grensar mot innmark.						
Referansar						
Skriftlege: Lundberg A. 1992. Havstrand i Hordaland - Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 02: 93-96						
Registrert av	Sissel Hauge Mykletun			Dato	21.08.2001	


Sandvika

65




Lokalitet nr.	18	Namn	Sandvika	UTM (Euref89)	Aust Nord	0281700 6722400
Hovudnaturtype	Havstrand/ kyst		Kartblad (M711)	1116-III		
Undertype	Sandstrender					
Prioritet	Lokalt viktig (C)		Vegetasjonstype	U3c Bendel-utf., U3d Strandstjerne-utf.		
Områdeskildring						
Sandvika er ei lita vik på vestsida av Eldsfjellet med noko strandvegetasjon og tangvollar. Substratet er stort sett fin grus.						
Komplekset er ikkje særleg utvikla, men har sonering som startar med saltbendel, deretter strandstjerne og assosierte artar før den går over til meir slutta eng.						
Området er ei av dei få gjenverande sandstrendene i Meland.						
Nøkkelement						
-						
